

HYDRODYNAMISK TEORI FOR BØLGJEKRAFTVERK

FORELESNINGSNOTAT

VED

J. FALNES OG L.C. IVERSEN



EKSPERIMENTALFYSIKK
TRONDHEIM – NTH



UNIVERSITETET I TRONDHEIM
NOREGS TEKNISKE HØGSKOLE
INSTITUTT FOR EKSPERIMENTALFYSIKK

HYDRODYNAMISK TEORI FOR BØLGJEKRAFTVERK

forelesningsnotat

ved

J. Falnes og L.C. Iversen

Trondheim

1980

FORORD

Forelesningsnotata, som her blir lagde fram, gjeld dr.-ing.-faget nr. 710 90 "Energi frå havbølgjer" ved NTH. Faget vart gjennomført for fyrste gongen i haustsemesteret 1979 med i alt 50 forelesningstimar. Åtte av desse timane førelas universitetsstipendiat Lars Christian Iversen. Jfr. kapitla C, E og F. Etter særskild innbeding var tre av forelesningane ved Dr. B.M. Count frå Central Electricity Generating Board, Southampton, England. Jfr. kap. H og vedlegg 4.

Det er no vel seks år sidan førsteamanuens Kjell Budal og underskrivne tok til å arbeida med dette emnet ved Institutt for eksperimentalfysikk. Utgangspunktet for arbeidet vårt var m.a. bakgrunn i akustiske og elektromagnetiske bølgjer. Eit bølgekraftverk kan på bølgeteoretisk vis samanliknast med ein mikrofon eller med ei mottakarantenne.

Forelesningane her er også merka av denne bakgrunnen og av vårt eige arbeid i feltet gjennom seks år. Eg har prøvt å halda ei einskapleg og systematisk framstilling av teorien, men har sikkert ikkje lukkast heilt ut. Framstillinga her er berre ei temmeleg uredigert form av notata til forelesningane. Siste delen av innleiingskapitlet A har eg likevel "forvist" til eit vedlegg 1. Framstillinga av teorien kunne nok med fordel ha vore stramma inn ein del.

Meir praktiske forhold vedrørande utnytting av energien i havbølgjene har her i notata fått eit lite omfang; etter måten endå mindre enn i sjølve forelesningane. Men dette er eit emne som for tida er inne i ei sterk utvikling. Den reint tekniske delen av emnet er enno fersk og inne i ein tilstand av hyppige omskiiftingar. Det kan difor forsvarast at ei detaljert gjennomgåing av den reint tekniske sida får venta til eit seinare høve.

Øvingsoppgåvene i faget hausten 1979 er med her som vedlegg 2.

Eg takkar Randi Grønli og Gillian P. Hagfors for nøyaktig og grei maskinskriving av notata her.

Trondheim i februar 1980

Johannes Falnes
dosent

III

INNHALD

	Side
A. Innleiing	1
Energitransport i bølger	1
Harmoniske svingingar. Impedans. Effekt.	2
Harmoniske bølger	5
Intensiteten	6
Strålingsresistans og strålingsimpedans	8
Absorpsjonstverrsnittet for ein mikrofon	10
Resonansabsorpsjon	13
B. Hydrodynamisk potensialteori	17
Kvervelfri rørsle i ideell væske. Bernoullis likning.	17
Grunnlikningane for tyngdebølger. Linearisering.	19
Regulære (harmoniske) bølger. Dispersjonslikninga.	23
Plane bølger. Intensitet og energitransport.	29
Sirkulære bølger	34
Spreiing av plan bølge på vertikal sylinder	39
C. Bølgestatistikk og energipotensial	41
Innledning	41
Energispekteret	41
Bølgespekterparametre	44
Registrering av energispekteret	45
Analytiske uttrykk for energispekteret	47
Bølgehøydestatistikk	47
Energipotensialet i havbølger	48
D. Vekslerverknad mellom ei bølge og ein svingande kropp	54
Svingemodi for ein fast kropp	54
Hydrodynamisk kraft som verkar på kroppen	58
Strålingsimpedansen	60
Energitolking av strålingsimpedansen	61
Bølgjegenerator utan addert masse	62
Bølgjegenerering med ei svingande vertikal plate	66
Greens setning	72
Strålingsresistansen	75
Bølger som oppfyller strålingsvilkåret	77
Resiprositetssetninga	78
Kotsjin-funksjonar	79
Haskind-relasjonen	80
Meir om Kotsjin-funksjonar	82
Effekt absorbert av svingande kropp	86
Eksitasjonskraftkoeffisient og strålingsresistans	91
Sirkulærsymmetrisk kropp	93
To-dimensjonalt tilfelle	98
Effektabsorpsjon med ein modus i det to-dimensjonale tilfellet	102
Svingesystem med høgre-venstre-symmetri	104
E. Eksitasjonskraften	106
Generelle uttrykk for eksitasjonskraften	107
Froude-Krylov-kraften	108
Diffraksjonskraften på små legemer	112
Storvolumskonstruksjoner	114

	Side
F. Ikke-lineære effekter	118
Ikke-lineariteter i de hydrodynamiske grunnlikningene	118
Ikke-lineære effekter som følge av at legemet beveger seg	120
Viskositet	121
Ikke-lineariteter generert av maskineri	123
G. Punktabsorbator	124
H. Praktiske problem ved bølgekraftverk	127
J. Vekselverknad mellom ei bølگje og fleire svingande kroppar	128
Fjernfeltkoeffisienten referert til origo	128
Generelle formlar	130
Strålingsimpedansen	132
Eksitasjonskrafta	134
Kommentar vedrørande singular strålingsresistansmatrise	135
K. Rette rader av jamt fordelte svingande kroppar	137
Utstrålt bølگje	138
Ei rett linje av like kroppar	140
Uendeleg lang rekkje av svingande kroppar	143
Symmetriske kroppar i hiving og jaging	147
Vedlegg 1. Stråling frå oscillerande elektrisk dipol	150
Dipolantenne	152
Absorpsjonstverrsnitt for Hertz-dipol	154
Vekselverknad mellom lys og eit atom	155
Vedlegg 2. Rekneoppgåver til øving.	158
Vedlegg 3. Kopi (preprint) av artikkelen "Experiments with point absorbers in regular waves" av K. Budal, J. Falnes, Å. Kyllingstad og G. Oltedal.	164
Vedlegg 4. Disposisjon for inviterte forelesningar av B.M. Count: Wave power research in UK.	179
Vedlegg 5. Kopi (preprint) av artikkelen "Radiation impedance matrix and optimum power absorption for interacting oscillators in surface waves."	186

A. INNLEIING

Det er nyttig å sjå på likskapar og skilnader mellom ulike slag bølgjer.

I alle fall har ei slik samanlikning hatt mykje å seia for vårt arbeid med havbølgjeenergi.

Me skal samanlikna elektromagnetiske bølgjer (lys- og radiobølgjer) og akustiske bølgjer (lydbølgjer) med havbølgjer.

Denne samanlikninga kan vera nyttig for dei som har bakgrunn i elektromagnetisme og akustikk. (Dei som ikkje har slik bakgrunn, får heller hoppa over denne samanlikninga i staden for å la seg bli forvirra!)

Elektromagnetiske og akustiske bølgjer er vanlegvis rombølgjer, medan havbølgjer er overflatebølgjer.

Energitransport i bølgjer.

Intensitet I

$$[I] = \frac{J}{\text{sm}^2} = \frac{W}{\text{m}^2}$$

Akustiske bølgjer og havbølgjer

$$I = \overline{pv} \quad (\text{i tidsmiddel}) \quad (\text{A1})$$

der p er det dynamiske trykket og $v = v_x =$ partikkelfarten \vec{v} sin komponent i bølgjeforplantingsretninga.

Merk at $\bar{v} = 0$, slik at

$$\begin{aligned} I &= \overline{p_{\text{total}} v} = \overline{(p_{\text{statisk}} + p_{\text{dynamisk}}) v} = \overline{(p_0 + p) v} \\ &= p_0 \bar{v} + \overline{pv} = \overline{pv} \end{aligned}$$

Elektromagnetisk bølgje (lys, radiobølgje)

$$\vec{I} = \vec{S} = \overline{\vec{E} \times \vec{H}} \quad (\text{A4})$$

For rein vandrebølgje (progressiv bølgje, d.v.s. inga reflek-

tert bølge) gjeld

Elektromagnetisk bølge

$$|\vec{H}| = |\vec{E}|/Z_0$$

I vakuum eller luft er

$$Z_0 = \sqrt{\eta_0/\epsilon_0} = \eta_0 c = \frac{1}{\epsilon_0 c} = 377 \Omega$$

$$I = \bar{S} = \frac{1}{Z_0} |\vec{E}|^2 = \epsilon_0 c |\vec{E}|^2 \quad (A7)$$

$c = 3 \cdot 10^8$ m/s = lysfarten.

Akustisk bølge (Jfr. t.d. Falnes & Budal, Bølgjelære)

$$v_x = p/\rho c \quad (A8)$$

For luft ved 20°C og 1 atm. er massetettleiken (densiteten)


$\rho = 1,21$ kg/m³ og lydfarten $c = 343$ m/s

$$\rho c = 415 \text{ Nsm}^{-3}$$

$$I = \frac{1}{\rho c} \overline{p^2} \quad (A10)$$

For havbølger, som i motsetnad til akustiske og elektromagnetiske bølger er dispersive, gjeld ikkje ein tilsvarande enkel samanheng mellom p og v (for ei progressiv bølge).

Harmoniske svingingar. Impedans. Effekt.



Newtons lov

$$m\ddot{s} = F_S + F_R + F(t) \quad (A11)$$

$F(t)$ er ytre kraft.

$$\text{Fjærkraft} \quad F_S = -Ss$$

$S =$ stivheten

$$\text{Bremskraft} \quad F_R = -R\dot{s}$$

$R =$ mekanisk resistans

Ser på mekanisk svingesystem med lineær karakteristik.
D.v.s. me går ut frå at R og S (og m) er uavhengige av s , \dot{s} og \ddot{s} . Me får den lineære differensiallikninga

$$m\ddot{s} + R\dot{s} + Ss = F(t)$$

Ser på tvungne svingingar med harmonisk eksitasjon

$$\begin{aligned} F(t) &= |\hat{F}| \cos(\omega t + \varphi_F) = \operatorname{Re}(\hat{F}e^{i\omega t}) \\ &= \frac{1}{2} \hat{F}e^{i\omega t} + \frac{1}{2} \hat{F}^* e^{-i\omega t} \end{aligned} \quad (\text{A13})$$

$|\hat{F}|$ er amplituden av krafta.

$$\hat{F} = |\hat{F}|e^{i\varphi_F} \quad (\text{A14})$$

er den komplekse amplituden. Oftast skriv me $F = \hat{F}e^{i\omega t}$ med di det er underforstått at me skal ta realdelen. Den stasjonære løysinga av differensiallikninga er eit harmonisk utsving

$$s = \operatorname{Re}(\hat{s}e^{i\omega t})$$

Farten:

$$u = \operatorname{Re}(\hat{u}e^{i\omega t}) \quad \hat{u} = i\omega\hat{s}$$

Akselerasjonen:

$$a = \operatorname{Re}(\hat{a}e^{i\omega t}) \quad \hat{a} = i\omega\hat{u} = -\omega^2\hat{s}$$

Innsetjing i differensiallikninga gjev

$$i\omega m\hat{u} + R\hat{u} + (S/i\omega)\hat{u} = \hat{F} \quad (\text{A18})$$

med løysing for den komplekse fartamplituden

$$\hat{u} = \frac{\hat{F}}{Z} \quad (\text{A19})$$

der me har ført inn den mekaniske impedansen

$$Z = R + i\omega m + S/i\omega = R + iX \quad (\text{A20})$$

$X = \omega m - S/\omega$ er den mekaniske reaktansen.

Merk

$$Z_{\text{mek}} = \frac{\text{kraft}}{\text{fart}} \quad [Z] = \text{Nsm}^{-1}$$

Momentan effekt levert av den ytre krafta

$$\begin{aligned} F(t)u(t) &= \frac{1}{2} \left(\hat{F}e^{i\omega t} + \hat{F}^*e^{-i\omega t} \right) \frac{1}{2} \left(\hat{u}e^{i\omega t} + \hat{u}^*e^{-i\omega t} \right) \\ &= \frac{1}{4} \left(\hat{F}\hat{u}^* + \hat{F}^*\hat{u} + \hat{F}\hat{u}e^{i2\omega t} + (\hat{F}\hat{u})^* e^{-i2\omega t} \right) \end{aligned}$$

Effekten i tidsmiddel er

$$\begin{aligned} P &= \overline{F(t)u(t)} = \frac{1}{4} (\hat{F}\hat{u}^* + \hat{F}^*\hat{u}) = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\hat{F}\hat{u}^*) = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(Z\hat{u}\hat{u}^*) \\ &= \frac{1}{2} \operatorname{Re}(Z)|\hat{u}|^2 = \frac{1}{2} R|\hat{u}|^2 \end{aligned} \quad (\text{A22})$$

Effekten i resistansen

$$P_R = \overline{Ru^2(t)} = \frac{1}{2} R|\hat{u}|^2 = P$$

Men merk at generelt er $Ru^2 \neq F(t)u(t)$.

Eit energilager tek seg mellombels av skilnaden.


Max. kinetisk energi:

$$W_{k,\max} = \frac{1}{2} m |\hat{u}|^2$$

Max. potensiell energi:

$$W_{p,\max} = \frac{1}{2} S |\hat{s}|^2 = \frac{1}{2} \frac{S}{\omega^2} |\hat{u}|^2$$

Elektrisk svingsystem:



$$U(t) = L \frac{dI}{dt} + \frac{1}{C} \int^t I dt + R_{el} I = 0 \quad (\text{A26})$$

Harmonisk varierende spenning og straum. Likning for kompleks amplitude:

$$\hat{U} = Li\omega\hat{I} + \frac{1}{C} \frac{\hat{I}}{i\omega} + R_{el}\hat{I} \quad (A27)$$

$$\hat{U} = \hat{I}Z_{el} \quad (A28)$$

$$Z_{el} = R_{el} + iX_{el} \quad \text{elektrisk impedans} \quad (A29)$$

$$X_{el} = \omega L - \frac{1}{\omega C} \quad \text{elektrisk reaktans} \quad (A30)$$

Tilført effekt (i tidsmiddel):

$$P = \overline{U(t)I(t)} = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\hat{U}\hat{I}^*) = \frac{1}{2} R_{el} |\hat{I}|^2 \quad (A31)$$

Forbrukt effekt:

$$P_R = \overline{R_{el} I^2(t)} = \frac{1}{2} R_{el} |\hat{I}|^2 = P$$

Harmoniske bølger.

Plan akustisk bølge

$$p(x, t) = A e^{i(\omega t - kx)} + B e^{i(\omega t + kx)} \quad (A33)$$

(Som me seinare skal sjå gjeld tilsvarande for det hydrodynamiske trykket med ei plan havbølge, bortsett frå at der er A og B ikkje konstantar, men minkar med vassdjupna:

A og B $\propto e^{kz}$ på djupt vatn (z positiv oppover.))

Plan (linearpolarisert) elektromagnetisk bølge

$$E(x, t) = A e^{i(\omega t - kx)} + B e^{i(\omega t + kx)} \quad (A34)$$

ω - vinkelfrekvens

k - vinkelrepetens (angulært bølgetal)

T = $2\pi/\omega$ - perioden

λ = $2\pi/k$ - bølglengda

For akustiske og elektromagnetiske bølger, som begge er dispersjonsfrie, gjeld

$$\omega = ck \quad (\text{A37})$$

der c er lydfarten, respektivt lysfarten.

Havbølger på djupt vatn er derimot dispersive med di

$$\omega^2 = gk \quad (\text{A38})$$

(g tyngdeakselerasjonen). Jfr. (B45).

Fasefarten:

$$v_f = \frac{\omega}{k} \quad (\text{A39})$$

Gruppefarten:

$$v_g = \frac{d\omega}{dk} \quad (\text{A40})$$

For akustiske og elektromagnetiske bølger i fritt rom gjeld

$$v_f = v_g = c \quad (\text{uavhengig av } \omega \text{ og } k. \text{ Dvs. dispersjonsfrie})$$

For havbølger på djupt vatn:

$$v_f = \frac{\omega}{k} = \frac{g}{\omega} = \sqrt{\frac{g}{k}} \quad (\text{A42})$$

$$2\omega d\omega = g dk$$

$$v_g = \frac{d\omega}{dk} = \frac{g}{2\omega} = \frac{1}{2} v_f \quad (\text{A43})$$

Intensiteten.

For harmonisk akustisk bølge eller havbølge har me

$$p(x, y, z, t) = \hat{p}(x, y, z)e^{i\omega t} \quad (\text{A44})$$

$$v_x(x, y, z, t) = \hat{v}_x(x, y, z)e^{i\omega t} \quad (\text{A45})$$

F.eks. for plan akustisk bølge (A33) er

$$\hat{p} = Ae^{-ikx} + Be^{+ikx} \quad (\text{A46})$$

Intensiteten

$$I(x, y, z) = \overline{p v_x} = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\hat{p} \hat{v}_x^*) \quad (\text{A47})$$

Er bølgeja progressiv (t.d. med $B = 0$ i (A46) kan me bruka (A8) eller (A10) for ei akustisk bølgeje:

$$I = \frac{1}{2} \operatorname{Re} \left(\hat{p} \frac{\hat{p}^*}{\rho c} \right) = \frac{1}{2\rho c} |\hat{p}|^2 \quad (\text{A48})$$


For ei harmonisk elektromagnetisk bølgeje har me tilsvarande

$$\begin{aligned} \vec{I}(x, y, z) &= \overline{\vec{S}(x, y, z, t)} = \overline{\vec{E} \times \vec{H}} = \\ &= \frac{1}{2} \operatorname{Re} \{ \hat{\vec{E}}(x, y, z) \times \hat{\vec{H}}^*(x, y, z) \} \end{aligned} \quad (\text{A49})$$

Er bølgeja dessutan progressiv får me v.h.a. (A7)

$$I = \frac{1}{2} \epsilon_0 c |\hat{E}|^2 \quad (\text{A50})$$

Me ser på utstråling av ei harmonisk bølgeje frå ei strålingskjelde (bølgejenerator, høgtalar eller sendarantenne)




Effekten som strålar ut gjennom ei lukka flate S omkring "strålingskjelda" er

$$P_r = \oint_S \vec{i} \cdot d\vec{s} \quad (\text{A51})$$

Når mediet som bølga forplantar seg i kan reknast for tapsfritt, er den utstrålte effekten uavhengig av kor den lukka flata S er lagt og lik den effekten som strålar ut frå strålingskjelda.

Strålingsresistans og strålingsimpedans.



Me tek for oss det mekaniske svingesystemet me såg på tidlegare.

Stivhet S ,
friksjonsresistans R_f
masse m

På figuren er skissert ei plate som svingar med i rørsla og fører til bølgegenerering i mediet (t.d. luft eller vatn). Det kan vera ei akustisk bølga. Er det nede under ei havflate, kan det og vera snakk om havbølga. Systemet blir sett i tvungne svingingar av ei ytre harmonisk kraft. Effekttapet i friksjonsresistansen R_f er

$$P_f = \frac{1}{2} R_f |\hat{u}|^2 \quad (\text{A52})$$

Ved den ytre krafta må det bli levert ein effekt $P = P_f + P_r$ der P_r er den utstrålte effekten (A51). I analogi med (A52) skriv me

$$\boxed{P_r = \frac{1}{2} R_r |\hat{u}|^2} \quad (\text{A53})$$

der me kallar R_r for strålingsresistansen.

Ein annan måte å sjå det på: Det at det strålar ut energi med ei generert bølga fører til at ei reaksjonskraft

F_r verkar på den svingande strålingskjelda i tillegg til den ytre krafta F . Newtons lov for svingesystemet kan då uttrykkjast - jfr. (A18) -

$$i\omega m \hat{u} + R_v \hat{u} + \frac{S}{i\omega} \hat{u} = \hat{F} + \hat{F}_r \quad (\text{A54})$$

Me hugsar at mekanisk impedans er forholdet mellom komplekse amplitudar for kraft og fart. Me skriv

$$\hat{F}_r = -Z_r \hat{u} \quad (\text{A55})$$

Her kallar me Z_r for strålingsimpedansen. Han er i lineær teori uavhengig av amplituden. Derimot er Z_r å sjå på som ein frekvensavhengig parameter som også avheng av geometrien til sjølve strålarer. Generelt kan Z_r vera kompleks:

$$Z_r = R_r + iX_r \quad (\text{A56})$$

No får me

$$(i\omega m + R_f + \frac{S}{i\omega} + Z_r) \hat{u} = \hat{F} \quad (\text{A57})$$

$$\hat{u} = \frac{\hat{F}}{(R_r + R_f) + i(\omega m + X_r - S/\omega)} \quad (\text{A58})$$

Strålingsreaktansen X_r skriv me ofte ωm_r der m_r er den såkalla adderte massen.

Strålingsimpedansen


$$Z_r = R_r + i\omega m_r \quad (\text{A59})$$

kjem altså i tillegg til den ordinære mekaniske impedansen $R_f + i(\omega m - S/\omega)$ for svingesystemet når dette strålar ut ei bølge.

Dette gjeld eit mekanisk svingesystem som strålar ut ei akustisk bølge eller ei overflatebølge på vatn.

Men det er heilt analogt med ein elektrisk svingekrets

som er kopla til ei utstrålande antenne.



$$\begin{aligned} Z_{el} &= R_{tap,el} + i\omega L + \frac{1}{i\omega C} + Z_{r,el} \\ &= (R_{tap} + R_r)_{el} + i\left(\omega L + X_{r,el} - \frac{1}{\omega C}\right) \end{aligned}$$

$$\boxed{Z_{r,el} = R_{r,el} + iX_{r,el}} \quad (A60)$$

Merk at (A60) er analog med (A59). Analogt med (A55) har me

$$Z_{r,el} = \frac{-\hat{U}_r}{\hat{I}} \quad (A60a)$$

der U_r er den spenninga som blir indusert p.g.a. den utstrålte bølge.

Analogt med (A53) har me

$$P_r = \frac{1}{2} R_{r,el} |\hat{I}|^2 \quad (A60b)$$

Absorpsjonstverrsnittet for ein mikrofon.

(Jfr. Meyer & Newman, Physikalische und Technische Akustik (Vierweg, Braunschweig, 1967, pp. 180 - 182)).

Me skal sjå på ein mikrofon i form av eit stempel som står i ei opning i ein stiv vegg. Stempelradien a er liten i forhold til bølgjelengda λ for den innfallande akustiske bølge, d.v.s. $ka \ll 1$. Stempelet går inn i eit mekanisk

svingesystem som er karakterisert ved massen m , den mekaniske resistansen R_f og stivheten S . Me må også ta med den adderte massen m_r og strålingsresistansen R_r i rekninga. Det fell ei bølge $\hat{p}_i = Ae^{-ikx}$ loddrett inn mot vegg ved $x = 0$. I rommet $x < 0$ er den resulterande lydbølge

$$\hat{p} = Ae^{-ikx} + Be^{ikx} + \hat{p}_r \quad (\text{A61})$$

der siste leddet står for den bølge som strålar ut frå det svingande stampelet. Nest siste leddet står for den reflekterte bølge. Den innfallande bølge blir totalreflektert (om stampelet er i ro). Altså er $B = A$.

Svingelikninga for stempelfarten \hat{u} er

$$(i\omega m)\hat{u} + R_f\hat{u} + \frac{S}{i\omega}\hat{u} = \hat{p}\pi a^2$$

Me fører inn strålingsimpedansen (A55)

$$-\frac{\hat{F}_r}{\hat{u}} = -\frac{\hat{p}_r}{\hat{u}}\pi a^2 = Z_r = R_r + i\omega m_r$$

For $ka < 0,4$ gjeld

$$R_r \approx \frac{1}{2} \rho c (ka)^2 \pi a^2 \quad (\text{A62})$$


$$m_r \approx \rho \pi a^2 \frac{8a}{3\pi} \quad (\text{A63})$$

med feil mindre enn 10%, (Jfr. Falnes & Budal, Bølgjelære).

Med stempeldiameter $2a = 0,20$ m gjeld for $\nu = \omega/2\pi < 200$ Hz

$$R_r \approx 0,000022 \nu^2 \quad (\text{Hz, Nsm}^{-1})$$

$$m_r \approx 0,0032 \text{ kg}$$



Svingelikninga kan no skrivast

$$\{i\omega(m + m_r) + (R_f + R_r) + \frac{S}{i\omega}\} \hat{u} = (A + A)\pi a^2 = \hat{F} \quad (\text{A64})$$

Amplituden blir størst ved resonans, d.v.s. når

$$\omega^2(m + m_r) = S \quad (\text{A65})$$

Då er den komplekse fartamplituden

$$\hat{u} = \frac{2A\pi a^2}{R_f + R_r} \quad (\text{A66})$$

Effekten absorbert i resistansen R_f er

$$P = P_f = \frac{1}{2} R_f |\hat{u}|^2 = \frac{1}{2} R_f \frac{(2A\pi a^2)^2}{(R_f + R_r)^2} \quad (\text{A67})$$

Effekten blir størst når den indre resistansen R_f i mikrofonen er lik strålingsresistansen (jfr. "resistanstilpassing")

$$P_{\max} = \frac{|A|^2 (\pi a^2)^2}{2R_r} \quad (\text{A68})$$

Ein like stor effekt $P_r = R_r |\hat{u}|^2 / 2$ blir forresten strålt ut frå mikrofonen. Jfr. (A53)

I den innfallande plane bølge er intensiteten - jfr. (A48) -

$$I_i = \frac{|A|^2}{2\rho c} \quad (\text{A69})$$

Me definerer absorpsjonstverrsnittet A_a for mikrofonen ved

$$P_{\max} = IA_a \quad (\text{A70})$$

Med innsetjing frå (A62), (A68) og (A69) får me

$$A_a = \frac{P_{\max}}{I_i} = \frac{(\pi a^2)^2}{R_r} \rho c = \frac{2\pi a^2}{(ka)^2} = \frac{2\pi}{k^2} = \frac{\lambda^2}{2\pi} \quad (\text{A71})$$

Merk at A_a her er uavhengig av stempelradien a . Absorpsjonstverrsnittet kan vera mykje større enn stempelarealet.

For $\nu = 100$ Hz er A_a bortimot 2 m^2 .

Om mikrofonen ikkje hadde stått i ein vegg, men vore frittstående, ville ei undersøking ha vist at absorpsjonstverrsnittet er

$$A_a = \frac{\lambda^2}{4\pi} \quad (\text{A72})$$

Resonansabsorpsjon.

Me ser på eit mekanisk svingesystem som kan stråla ut energi. Svingesystemet kan brukast som bølgegenerator eller bølgeabsorbator. La svingesystemet ha lineær karakteristik med masse m , stivhet S og mekanisk resistans R . Deterpåverka av ei kraft F_e som kan vera ei ytre påtrykt kraft (når systemet skal brukast som bølgegenerator) eller kraft frå ei innkomande bølge (når systemet skal brukast som bølgeabsorbator). I sistnemnde tilfelle er krafta den som verkar på systemet når det er fastlåst ($u = 0$). I tillegg verkar ei reaksjonskraft F_r frå den utstrålte bølga som har sitt opphav i at systemet svingar med ein fart u . Likninga for svingesystemet

$$i\omega m\hat{u} + R\hat{u} + \frac{S}{i\omega}\hat{u} = \hat{F}_e + \hat{F}_r = \hat{F}_e - Z_r\hat{u} = \hat{F}_e - R_r\hat{u} - i\omega m_r\hat{u} \quad (\text{A73})$$

$$\left(i\omega(m + m_r) + (R + R_r) + \frac{S}{i\omega} \right) \hat{u} = \hat{F}_e \quad (\text{A74})$$

Effekt absorbert i den mekaniske resistansen R

$$P = \frac{1}{2} R |\hat{u}|^2 = \frac{R |\hat{F}_e|^2}{2\{(R+R_r)^2 + (\omega m + \omega m_r - S/\omega)^2\}} \quad (\text{A75})$$

Me vil no velja systemparametrane R og m (eventuelt R og S) slik at den absorberte effekten P blir maksimum. Me ser utan vidare at då må me ha resonans

$$\omega^2(m + m_r) = S \quad (\text{A76})$$

slik at

$$P = \frac{R|\hat{F}_e|^2}{2(R+R_r)^2} \quad (\text{A77})$$

Me ser at $P = 0$ for $R = 0$ og for $R = \infty$.


$$\frac{\partial P}{\partial R} = 0 \quad \text{når} \quad 1 \cdot (R+R_r)^2 = R2(R+R_r), \quad \text{dvs.} \quad R = R_r.$$

Altså må me få

$$P = P_{\max} \quad \text{når} \quad \boxed{R = R_r} \quad (\text{A78})$$

$$\boxed{P = P_{\max} = \frac{|\hat{F}_e|^2}{8R_r}} \quad (\text{A79})$$

Tilsvarende for ein elektrisk svingekrets med antenne:



$$\begin{aligned} (i\omega L + R_{el} + \frac{1}{i\omega C}) \hat{I} &= \hat{U}_e + \hat{U}_r = \\ &= \hat{U}_e - Z_{r,el} \hat{I} = \hat{U} - (R_r + X_{r,el}) \hat{I} \end{aligned} \quad (\text{A80})$$

(jfr. (A60a))

Her er \hat{U}_e eksiterande spenning. For sendarantenne

er \hat{U}_e påtrykt frå ein spenningsgenerator. For mottakarantenne er \hat{U}_e den spenninga som den innfallande bølga induserer i antennekretsen når der ikkje går nokon straum ($\hat{I} = 0$). Her vil me analogt finna for

(resonans)

$$\omega L + X_{r,el} - \frac{1}{\omega C} = 0 \quad (\text{A81})$$

og (resistanstilpassing)

$$(R - R_r)_{el} = 0 \quad (\text{A82})$$

at me får maksimal absorbert effekt

$$P_{\max} = \frac{|\hat{U}_e|^2}{8R_{r,el}} \quad (\text{A83})$$

Ved resonansabsorpsjon av ei bølge som ikkje er reint harmonisk, men som har eit spektrum med endeleg breidd $(\Delta\omega)_E$ vil dei spektrale komponentane som ligg ved sida av eigenfrekvensen

$$\omega_0 = \sqrt{\frac{S}{m+m_r(\omega_0)}} \quad (\text{A83a})$$

bli mindre effektivt absorbert. (Jfr. A76.) Med (A78) $R = R_r$ innsett i (A75) blir

$$P = \frac{|F_e|^2}{8R_r \left\{ 1 + \frac{(m+m_r)^2}{4R_r^2} \omega_0^2 \left(\frac{\omega}{\omega_0} - \frac{\omega_0}{\omega} \right)^2 \right\}} = P(\omega) \quad (\text{A83b})$$

$$\delta = \frac{R+R_r}{2(m+m_r)} = \frac{R_r}{m+m_r} \quad (\text{A83c})$$

Den absorberte effekten er redusert til halvparten når:

$$\frac{\omega_0^2}{4\delta^2} \left(\frac{\omega}{\omega_0} - \frac{\omega_0}{\omega} \right)^2 = 1$$

$$\left(\gamma - \frac{1}{\gamma} \right) = \left(\frac{\omega}{\omega_0} - \frac{\omega_0}{\omega} \right) = \pm \frac{2\delta}{\omega_0} = \pm 2\kappa$$

$$\gamma_\phi > 1: \quad \gamma_\phi - \frac{1}{\gamma_\phi} = +2\kappa$$


$$\gamma_n < 1: \quad \gamma_n - \frac{1}{\gamma_n} = -2\kappa$$

$$\gamma_\phi^2 - 2\kappa\gamma_\phi - 1 = 0$$

$$\gamma_\phi = \kappa + \sqrt{\kappa^2 + 1} \quad \gamma_\phi \rightarrow 1 \text{ når } \kappa \rightarrow 0$$

$$\gamma_n^2 + 2\kappa\gamma_n - 1 = 0$$

$$\gamma_n = -\kappa + \sqrt{\kappa^2 + 1} \quad \gamma_n \rightarrow 1 \text{ når } \kappa \rightarrow 0$$



$$(\Delta\omega)_{\text{res}} = \frac{\gamma_{\phi} - \gamma_n = 2\kappa}{\omega_{\phi} - \omega_n = 2\delta} = \frac{2R_r}{(m+m_r(\omega_o))} \quad (\text{A83d})$$

Skal resonansabsorpsjonen vera effektiv, må resonanskurva ha ei halvverdibreidd $(\Delta\omega)_{\text{res}}$ som er større enn breidda $(\Delta\omega)_E$ for bølgespektret. Dvs.

$$(\Delta\omega)_{\text{res}} > (\Delta\omega)_E \quad (\text{A83e})$$

B. HYDRODYNAMISK POTENSIALTEORI

I dette kapitlet skal me stilla opp grunnlikningane for bølger, såkalla tyngdebølger, som kan forplanta seg på overflata av vatn. Me skal sjå på bølgeutsving og energiforhold ved plane og sirkulære bølger.

Me startar med to grunnleggjande hydrodynamiske likningar som uttrykkjer bevaring av masse og impuls, nemleg kontinuitetslikninga

$$\frac{\partial \rho}{\partial t} + \nabla \cdot (\rho \vec{v}) = 0 \quad (\text{B1})$$

og Navier-Stokes likning

$$\frac{D\vec{v}}{Dt} = \frac{\partial \vec{v}}{\partial t} + (\vec{v} \cdot \nabla)\vec{v} = -\frac{1}{\rho} \nabla p + \nu \nabla^2 \vec{v} + \frac{1}{\rho} \vec{f} \quad (\text{B2})$$

Her er ρ massetettleiken (densiteten) til væska, \vec{v} er strøymingsfarten til væskeelementet, p er trykket og $\nu = \eta/\rho$ er den kinematiske viskositetskoeffisienten. Vidare er \vec{f} den ytre krafta pr. volumeining. Her skal me berre sjå på tilfelle med tyngdekraft, d.v.s.

$$\vec{f} = \rho \vec{g} \quad (\text{B3})$$

der \vec{g} er tyngdeakselerasjonen. Me går ut frå at væska er inkompressibel. Då er ρ konstant og (B1) gir

$$\boxed{\nabla \cdot \vec{v} = 0} \quad (\text{B4})$$

Kvervelfri rørsle i ideell væske. Bernoullis likning.

Me kan ofte med god tilnærming sjå bort frå viskositeten, slik at me reknar ideell væske, $\nu = 0$. Då blir rørslelikninga (B2)

$$\frac{\partial \vec{v}}{\partial t} + \vec{v} \cdot \nabla \vec{v} = -\frac{1}{\rho} \nabla p + \vec{g} \quad (\text{B4a})$$

Me bruker vektoridentiteten

$$\vec{v} \times (\nabla \times \vec{v}) = \frac{1}{2} \nabla v^2 - \vec{v} \cdot \nabla \vec{v} \quad (\text{B5})$$

og tek curlen til (B4a)

$$\frac{\partial}{\partial t} (\nabla \times \vec{v}) = \nabla \times \left[-\nabla v^2 / 2 + \vec{v} \times (\nabla \times \vec{v}) - \nabla \frac{p}{\rho} + \vec{g} \right]$$

No gjeld $\nabla \times \nabla \phi \equiv 0$ og også $\nabla \times \vec{g} = 0$ fordi \vec{g} er konstant eller meir generelt fordi krafta \vec{g} kan utleiast av eit gravitasjonspotensial, gz . Altså er

$$\frac{\partial}{\partial t} (\nabla \times \vec{v}) = \nabla \times [\vec{v} \times (\nabla \times \vec{v})]$$

Dersom væska ein gong i tida var kvervelfri, $\nabla \times \vec{v} = 0$ overalt, t.d. ved at væska var heilt i ro, vil ho alltid sidan halda fram med å vera kvervelfri, med di $(\partial/\partial t)\nabla \times \vec{v} = 0$. Me går ut frå at så er tilfelle, at altså

$$\boxed{\nabla \times \vec{v} \equiv 0} \quad (\text{B9})$$

overalt og til alle tider. Då kan me skriva

$$\boxed{\vec{v} = \nabla \phi} \quad (\text{B10})$$

der ϕ er det såkalla fartpotensialet. Merk at (B10) stettar (B9) p.g.a. vektoridentiteten $\nabla \times \nabla \equiv 0$.

Me set (B10) og (B5) inn i (B4a)

$$\nabla \left(\frac{\partial \phi}{\partial t} + \frac{v^2}{2} + \frac{p}{\rho} + gz \right) = 0 \quad (\text{B11})$$

der me har ført inn ein oppoverretta z-akse og gravitasjonspotensialet gz slik at $\nabla gz = -\vec{g}$.

Integrasjon av (B11) gjev

$$\frac{\partial \phi}{\partial t} + \frac{v^2}{2} + \frac{p}{\rho} + gz = C(t)$$

der integrasjons"konstanten" er uavhengig av romkoordinatane x , y , og z . Me kan ("without loss of generality")

velja $C(t)$ konstant. For me kan redefinera fartpotensialet

$$\phi' = \phi - \int^t C(t) dt$$

Då skilnaden mellom ϕ' og ϕ berre avheng av t og ikkje av romkoordinatane, er $\vec{v} = \nabla\phi' = \nabla\phi$. Me kan difor likså godt setja $C(t) = C$ som uavhengig av tida. Altså

$$\boxed{\frac{\partial\phi}{\partial t} + \frac{v^2}{2} + \frac{p}{\rho} + gz = C} \quad (B14)$$

Dette er Bernoullis likning. Denne byggjer på føresetnaden (B9) om kvervelfri (irrotasjonale) rørsle.

For stasjonær strøyming ($\frac{\partial}{\partial t} = 0$) kan ein utleia Bernoullis likning

$$\frac{v^2}{2} + \frac{p}{\rho} + gz = C' = \text{konstant langs ei straumline (B14a)}$$

utan å gjera føresetnaden om kvervelfri rørsle $\nabla \times \vec{v} = 0$.

Me ser at når væska er i ro, d.v.s. når $v = 0$ og $\phi = \text{konstant}$, er

$$p = p_{\text{statisk}} = -\rho gz + \rho C'$$

Ved den fri overflata av væska, der $z = 0$ er p lik atmosfæretrykket p_{luft} . Difor er

$$p_{\text{statisk}} = -\rho gz + p_{\text{luft}} \quad (B15)$$

Det hydrostatiske trykket aukar lineært med avstanden under overflata.


Grunnlikningane for tyngdebølgjer. Linearisering.

Med å setja (B10), $\vec{v} = \nabla\phi$, inn i (B4) $\nabla \cdot \vec{v} = 0$ får me den partielle differensiallikninga

$$\boxed{\nabla^2 \phi = 0} \quad (B16)$$

Dette er Laplace-likninga (som er kjent t.d. frå elektrostatikken.)

Som grensevilkår har me at på faste overflater som grensar mot væska, må normalkomponenten av farten \vec{n} på overflata vera lik normalkomponenten av partikkelfarten \vec{v} i væska ved grenseflata



$$\vec{u} \cdot \vec{n} = u_n = v_n = \vec{v} \cdot \vec{n} = \vec{n} \cdot \nabla \phi = \frac{\partial \phi}{\partial n} \quad (\text{B17})$$

I ei ideell væske ($\nu = 0$) kan væska gli fritt langs den faste overflata, så det er ingen spesielle krav til tangentkomponenten av \vec{v} .*)

Spesielt vil me for ei fast flate som er i ro ($\vec{u} = 0$) ha at

$$\vec{n} \cdot \nabla \phi = \frac{\partial \phi}{\partial n} = 0 \quad (\text{B18})$$

Innfører me eit koordinatsystem med z-aksen peikande oppover, vil me på ein horisontal sjøbotn $z = -h$ ha grensevilkåret $\partial \phi / \partial z = 0$.

Så må me sjå på grensevilkåret mot den frie overflata (mot lufta). Overflata er $z = \eta = \eta(x, y, t)$. Me kallar η

*) Tangentkomponenten er altså vilkårleg. For ei reell væske med viskositet gjeld dette grensekravet rett utanfor det såkalla grensesjiktet i staden for på den fysiske faste flata. Dette spelar lita rolle så lenge grensesjiktet er svært tynt.


for bølgeutsvinget
eller elevasjonen.
Grensevilkåret er
at her er trykket
konstant og lik
atmosfæretrykket

P_{luft} .

Med bruk av

Bernoullis likning

(B14) får me



$$\left(\frac{\partial \phi}{\partial t} + \frac{v^2}{2} \right)_{z=\eta} + \frac{P_{\text{luft}}}{\rho} + g\eta = C$$

For spesialtilfellet med inga bølge, altså væska i ro, er
fyrste og tredje leddet null. Me ser då at me må velja kon-
stanten

$$C = \frac{P_{\text{luft}}}{\rho} \quad (B21)$$

Altså gjeld

$$\frac{\partial \phi}{\partial t} \Big|_{z=\eta} + \frac{v^2}{2} \Big|_{z=\eta} + g\eta = 0 \quad (B22)$$

Me skal no gå ut frå at det er små bølgjer slik at me
kan linearisera likningane. Me har at leddet $v^2/2$ er lite
av andre orden. Dessutan set me $(\partial \phi / \partial t)_{z=\eta} \approx (\partial \phi / \partial t)_{z=0}$.
Grensevilkåret ved den frie overflata blir dermed:

$$\boxed{\eta = - \frac{1}{g} \frac{\partial \phi}{\partial t} \Big|_{z=0}} \quad (B23)$$

Me seier at (B23) er ei linearisering av det generelle
kravet (B22).

Den partielle differensiallikninga (B16), $\nabla^2 \phi = 0$ er
ei elliptisk differensiallikning i motsetnad til bølge-
likninga for akustiske og elektromagnetiske bølgjer, som er
av typen

$$\nabla^2 \psi = c^2 \frac{\partial^2 \psi}{\partial t^2}$$

Dette er ei hyperbolsk differensiallikning. Det som gjer at me får bølgløysingar av den elliptiske differensiallikninga (B16), er at løysinga må oppfylle randvilkåret (B23) på den frie overflata av væska.

Det er altså den frie overflata som er ansvarleg for bølgefôrplantinga og det er tyngdekrafta som skaffar bølgjene ein potensiell energi. Merk at tyngdeakselerasjonen g går inn i randvilkåret (B23), men ikkje i randvilkåret (B17) og ikkje i differensiallikninga (B16). Løysingane av differensiallikninga med randvilkåra kallar me tyngdebølgjer for di tyngdekrafta er viktig fysisk sett. Tyngdebølgjer på havet kan me gjerne kalla havbølgjer.

Me vil derivera (B23) m.o.p. t

$$-\frac{1}{g} \frac{\partial^2 \phi}{\partial t^2} \Big|_{z=0} = \frac{\partial \eta}{\partial t} = v_z \Big|_{\eta=0} = \frac{\partial \phi}{\partial z} \Big|_{z=0}$$

Grensevilkåret (B23) ved den frie overflata kan difor skrivast som

$$\left(\frac{\partial^2 \phi}{\partial t^2} + g \frac{\partial \phi}{\partial z} \right)_{z=0} = 0 \quad (\text{B25})$$

slik at ϕ er den einaste avhengig variable som går inn i kravet.

Trykket p i væska er summen av eit hydrostatisk trykk og eit hydrodynamisk trykk

$$P = P_{\text{statisk}} + P_{\text{dyn}} \quad (\text{B26})$$

Med bruk av (B15) og (B21) i Bernoullis likning (B14) får me

$$P_{\text{dyn}} = -\rho \frac{\partial \phi}{\partial t}$$

når me lineariserer bort leddet $v^2/2$. Heretter vil me sløyfa indeks "dyn" og la p stå for det hydrodynamiske

trykket, altså

$$p = p_{\text{dyn}} = -\rho \frac{\partial \phi}{\partial t} \quad (\text{B27})$$

Regulære (harmoniske) bølger. Dispersjonslikninga.

Når tidsvariasjonen er sinusforma, kan me skriva

$$\phi = \phi(x, y, z, t) = \hat{\phi}(x, y, z)e^{i\omega t} \quad (\text{B28})$$

der $\hat{\phi}$ er den komplekse amplituden av fartpotensialet, og der det er underforstått at me skal ta realdelen av den komplekse høgresida i formelen.

Differensiallikninga (B14) og grensevilkåra (B17) og (B25) kan skrivast

Overalt:

$$\nabla^2 \hat{\phi} = \left(\frac{\partial^2}{\partial x^2} + \frac{\partial^2}{\partial y^2} + \frac{\partial^2}{\partial z^2} \right) \hat{\phi} = 0 \quad (\text{B29})$$

På faste overflater S:

$$\vec{n} \cdot \nabla \hat{\phi} = \vec{n} \cdot \hat{u} \quad \text{på } S \quad (\text{B30})$$

På den frie overflata:

$$\left(-\omega^2 \hat{\phi} + g \frac{\partial \hat{\phi}}{\partial z} \right)_{z=0} = 0 \quad (\text{B31})$$

Bølgjeutsvinget (elevasjonen)

$$\hat{\eta} = -\frac{i\omega}{g} \hat{\phi} \Big|_{z=0} \quad (\text{B32})$$

Det dynamiske trykket

$$\hat{p} = -i\omega\rho\hat{\phi} \quad (\text{B33})$$

Jfr. (B23) og (B27).

Me prøver å finna ei partikulær løysing av differensial-

likninga (B29) med Bernoullis separasjonsmetode, d.v.s. med å setja

$$\hat{\phi}(x, y, z) = H(x, y)Z(z) \quad (\text{B34})$$

Innsetjing i (B29) og divisjon med $\hat{\phi}$ gjev

$$\frac{1}{H(x, y)} \left(\frac{\partial^2 H}{\partial x^2} + \frac{\partial^2 H}{\partial y^2} \right) = - \frac{1}{Z(z)} \frac{\partial^2 Z}{\partial z^2}$$

Venstre sida er ein funksjon berre av x og y . Høgre sida er ein funksjon berre av z . Begge sidene er like, og dei må difor vera uavhengige av x , y og z og difor ein konstant som me kallar $-k^2$. Altså

$$\frac{d^2 Z}{dz^2} = k^2 Z \quad (\text{B35})$$

$$\nabla_H^2 H = \left(\frac{\partial^2}{\partial x^2} + \frac{\partial^2}{\partial y^2} \right) H = -k^2 H(x, y) \quad (\text{B36})$$

Løysinga av (B35) er

$$Z = c_+ e^{kz} + c_- e^{-kz}$$

Me vil også få integrasjonskonstantar når me skal løysa (B36) for H . Me vil difor velja $Z = 1$ for $z = 0$. Altså

$$c_+ + c_- = 1$$

Me går ut frå at væska botnar på eit fast horisontalt plan, $z = -h$, som er i ro, slik at randkravet (B30) gjev

$$\frac{\partial Z}{\partial z} = 0 \quad \text{for } z = -h \quad (\text{B39})$$

D.v.s.

$$k(c_+ e^{-kh} - c_- e^{+kh}) = 0$$

$$c_- = +c_+ e^{-2kh}$$

$$1 - c_+ = +c_+ e^{-2kh}$$

$$1 = c_+ (1 + e^{-2kh})$$

$$c_+ = \frac{1}{1 + e^{-2kh}}$$

$$c_- = 1 - c_+ = \frac{1 + e^{-2kh} - 1}{1 + e^{-2kh}} = + \frac{e^{-2kh}}{1 + e^{-2kh}}$$

$$\begin{aligned} Z(z) &= \frac{e^{kz} + e^{-2kh - kz}}{1 + e^{-2kh}} = \frac{e^{k(z+h)} + e^{-k(z+h)}}{e^{kh} + e^{-kh}} = \\ &= \frac{\cosh\{k(z+h)\}}{\cosh(kh)} \equiv e(kz) \end{aligned} \quad (\text{B40})$$

Merk at når $h \rightarrow \infty$ vil $e(kz) \rightarrow e^{kz}$. D.v.s. for "djupt vatn", $kh \gg 1$ gjeld $e(kz) \approx e^{kz}$ (B41)

Då har me altså den partikulære løysinga

$$\hat{\phi} = H(x, y)e(kz) \quad (\text{B42})$$

med

$$e(kz) = \frac{\cosh(kz+kh)}{\cosh(kh)} \quad (\text{B43})$$

der H er ei løysing av (B36). Når me seinare løyser denne likninga for tilfellet med plane bølger vil me finna at k er vinkelrepetensen.

Me må også ha oppfylt grensevilkåret (B31). Dette kravet gjev oss dispersjonslikninga

$$\omega^2 = g \left. \frac{\partial e(kz)}{\partial z} \right|_{z=0} = gk \frac{\sinh(kh)}{\cosh(kh)}$$

eller

$$\omega^2 = gk \tanh(kh) \quad (\text{B44})$$

For djupt vatn $kh \gg 1$ gjeld

$$\boxed{\omega^2 = gk} \quad (\text{B45})$$

i samsvar med den tidlegare påstanden (A38).

Merk at

$$\tanh(kh) > 0,95 \quad \text{for } kh > 1,83 \quad \text{eller } h > 0,3\lambda$$

$$\tanh(kh) > 0,99 \quad \text{for } kh > 2,6 \quad \text{eller } h > 0,42\lambda$$

Vilkåret for å rekna med djupt vatn er altså, avhengig av kor nøyaktig me vil rekna, at djupna er minst ei tredjedels eller ei halv bølgjelengd.

For djupt vatn er bølgjelengda

$$\lambda = \frac{2\pi}{k} = \frac{2\pi g}{\omega^2} = \frac{g}{2\pi} T^2 = (1,56 \text{ m/s}^2) T^2 \quad (\text{B46})$$

Som me før har funne - jfr. (A42) og (A43) - gjeld for djupt vatn

$$2v_g = v_f = \frac{g}{\omega} = \sqrt{\frac{g}{k}} \quad (\text{B47})$$

For grunt vatn med horisontal botn, $kh \ll 1$ gjeld


$$\omega^2 = gk(kh + \dots) \approx ghk^2$$

I denne tilnærminga er bølgja ikkje dispersiv då

$$v_g = v_f = \sqrt{gh} \quad (\text{B48})$$

uavhengig av k og ω .

Teorien her er lineær, men la oss likevel prøva å gi ei kvantitativ forklaring av bølgjebryting på grunt vatn.



Formelen

$$v_g = v_f = \sqrt{gh}$$

tyder på at bølgja går fortare på bølgjetoppen enn i bølgjedalen, for di $h_t > h_d$.

Tilslutt blir det ein loddrett kant ("brimhestar") og då gjeld sjølvstekt ikkje lineær teori lenger, med di $\partial\eta/\partial x \rightarrow \infty$.

For vilkårleg djupn h gjeld (B44) som er ei transcendent likning for k . Numerisk kan me finna k t.d. ved iterasjon. Tilnærming nr. n

$$k^{(n)} = \frac{\omega^2}{g \tanh(k^{(n-1)} h)} \quad (B49)$$

med $k^{(0)} = \omega^2/g$. Fasefarten er

$$v_f = \frac{\omega}{k} = \sqrt{(g/k) \tanh(kh)} = \frac{g}{\omega} \tanh(kh) \quad (B50)$$

For å finna gruppefarten v_g differensierer me (B44)

$$\begin{aligned} 2\omega d\omega &= gdk \tanh(kh) + \frac{gh}{\cosh^2(kh)} hdk \\ &= \frac{dk}{k} gk \tanh(kh) + \frac{gk \tanh k}{\cosh(kh) \sinh(kh)} hdk \\ &= \frac{dk}{k} \omega^2 + \frac{2\omega^2 hdk}{\sinh(2kh)} \\ v_g &= \frac{d\omega}{dk} = \frac{\omega}{2k} \left(1 + \frac{2kh}{\sinh(2kh)} \right) \end{aligned}$$

Då $v_f = \omega/k$, får me altså

$$v_g = \frac{f(kh)}{2 \tanh(kh)} v_f = \frac{g}{2\omega} f(kh) \quad (B51)$$

der me har ført inn djupnefunksjonen


$$f(kh) = \left(1 + \frac{2kh}{\sinh(2kh)} \right) \tanh(kh) \quad (B52)$$

for di me får mykje bruk for denne funksjonen seinare. Merk at for djupt vatn, $kh \gg 1$ er $f(kh) \approx 1$ og $\tanh(kh) \approx 1$. For små kh gjeld

$$\tanh(kh) = kh + \dots \quad \text{og} \quad f(kh) = 2kh + \dots$$

Medan $\tanh(kh)$ er ein monotont aukande funksjon har $f(kh)$ eit maksimum $f_{\text{maks}} = 1,200$ for $kh = 1,19$.

For vilkårlege ω , finn me k av den transcendentale dispersjonslikninga (B44) og så finn me v_f og v_g av (B50) og (B51). Samanhengen er vist grafisk i kurvene i figuren nedanfor.



Fasefart v_p , gruppefart v_g og bølglengd λ som funksjon av djupna h . Indeksen ∞ svarar til uendeleg djupn.

Me skal finna ei partikulær løysing av (B36)

$$\nabla_H^2 H = -k^2 H$$

også ved Bernoullis separasjonsmetode. Bruker me kartesiske koordinater (x, y) , får me ei plan bølge som løysing.

Bruker me polarkoordinatar (r, θ) , får me ei sirkulær bølge som partikulær løysing.

Plane bølger. Intensitet og energitransport.

Me skal sjå på ei plan harmonisk bølge som forplantar seg i x-retning

$$(B36) \text{ med } \frac{\partial}{\partial y} = 0$$

$$\frac{\partial^2 H}{\partial x^2} = -k^2 H \quad (B54)$$

$$H = Ae^{-ikx} + Be^{ikx} \quad (B55)$$

(sum av ei framovergåande og ei tilbakegåande bølge)

Innsett i (B34) og (B40) får me den komplekse amplituden av fartpotensialet

$$\hat{\phi} = (Ae^{-ikx} + Be^{+ikx})e(kz) \quad (B56)$$

Me ser at k er vinkelrepetensen for den harmoniske bølga, slik som påstått tidlegare i tilknytning til (B43) og (B44).

Ofte vil me oppfatta den tilbakegåande bølga som ei reflektert bølge og den framovergåande bølga som ei innkomande bølge. Då skriv me (B56) som

$$\hat{\phi} = -\frac{g}{i\omega} \eta_i (e^{-ikx} + \Gamma e^{+ikx})e(kz) \quad (B57)$$

der Γ er "refleksjonskoeffisienten" og η_i er den komplekse amplituden av elevasjonen ved $x = 0$, dersom der er inga reflektert bølge. Av (B32) får me nemleg

$$\hat{\eta} = -\frac{i\omega}{g} (Ae^{-ikx} + Be^{+ikx}) = \eta_i (e^{-ikx} + \Gamma e^{+ikx}) = \hat{\eta}_f + \hat{\eta}_b \quad (B58)$$

der dei to ledda $\hat{\eta}_f$ og $\hat{\eta}_b$ gjeld respektivt framovergåande og bakovergåande bølge. Me har altså av (B32), (B33) og (B56)

$$\hat{\phi} = \frac{g}{-i\omega} e(kz)\hat{\eta} \quad (B59)$$

$$\hat{p} = \rho g \hat{\eta} e(kz) \quad (B60)$$

Det hydrodynamiske trykket minkar altså som funksjonen $e(kz)$ med avstanden under overflata. Med bruk av (B10), eller $\hat{\vec{v}} = \nabla\hat{\phi}$, får me dessutan

$$\hat{v}_x = \frac{\partial}{\partial x} \hat{\phi} = g \frac{k}{\omega} e(kz)(\hat{\eta}_f - \hat{\eta}_b) \quad (\text{B61})$$

$$\hat{v}_z = \frac{\partial}{\partial z} \hat{\phi} = g \frac{ik}{\omega} e'(kz)(\hat{\eta}_f + \hat{\eta}_b) \quad (\text{B62})$$

der


$$e'(kz) = \frac{d}{d(kz)} e(kz) = \frac{\sinh(kz+kh)}{\cosh(kh)} = e(kz)\tanh(kz+kh) \quad (\text{B63})$$

Dersom me har ei framovergåande progressiv bølge ($\hat{\eta}_b = 0$) på djupt vatn ($kh \gg 1$) er rørsla av væskepartiklane sirkulærpolarisert med negativ dreieretning (med urvisaren)

$$\hat{v}_x = \omega \hat{\eta}_f e^{kz} \quad (\text{B64})$$

$$\hat{v}_z = i\omega \hat{\eta}_f e^{kz} \quad (\text{B65})$$

Dette har me funne ved å bruka dispersjonslikninga (B45) $\omega^2 = gk$.



Væskepartikkelutsvinget er

$$\hat{\xi}_z = \hat{\vec{v}}/i\omega \quad (\text{B66})$$

$$\hat{\xi}_x = -i\hat{\eta}_f e^{kz} \quad (\text{B67})$$

$$\hat{\xi}_z = \hat{\eta}_f e^{kz} \quad (\text{B68})$$

For ei bakovergåande progressiv bølge ($\hat{\eta}_f = 0$) på djupt vatn er rørsla sirkulærpolarisert med positiv dreieretning

(mot urvisaren).

Når både $\hat{n}_f \neq 0$ og $\hat{n}_b \neq 0$ er rørsla elliptisk polarisert med forhold $(|\hat{n}_f| + |\hat{n}_b|)/(|\hat{n}_f| - |\hat{n}_b|)$ mellom den lange og den korte aksen i ellipsen. For ei reint ståande bølge, $|\hat{n}_f| = |\hat{n}_b|$, er svingerørsla lineærpolarisert.

Med endeleg vassdjupn er svingerørsla elliptisk polarisert også for progressive bølger.

Me skal sjå på energitransporten i denne plane bølge som forplantar seg i x-retning. Etter (A47) er intensiteten

$$I = \overline{p v_x} = \frac{1}{2} \operatorname{Re}(\hat{p} \hat{v}_x^*) \quad (\text{B69})$$

Ved innsetjing frå (B60) og (B61) får me bruk for produktet

$$(\hat{n}_f + \hat{n}_b)(\hat{n}_f - \hat{n}_b)^* = |\hat{n}_f|^2 - |\hat{n}_b|^2 + (\hat{n}_f^* \hat{n}_b - \hat{n}_f \hat{n}_b^*) \quad (\text{B70})$$

Då siste leddet her er reint imaginært, får me

$$I = \frac{1}{2} \omega k \rho |\hat{\phi}|^2 = \frac{k \rho g^2}{2\omega} (|\hat{n}_f|^2 - |\hat{n}_b|^2) e^2(kz) \quad (\text{B71})$$

Effekttransporten pr. lengdeining av bølgefronten (som her er parallell med y-aksen) er

$$K = \int_{-h}^0 I(z) dz = \frac{\rho g^2}{2\omega} (|\hat{n}_f|^2 - |\hat{n}_b|^2) k \int_{-h}^0 e^2(kz) dz \quad (\text{B72})$$

Mellomrekning:

$$\begin{aligned} k \int_{-h}^0 e^2(kz) dz &= \int_{-kh}^0 \frac{\cosh^2(u+kh)}{\cosh^2(kh)} du = \int_{-kh}^0 \frac{\cosh(2u+2kh)+1}{2 \cosh^2(kh)} du \\ &= \frac{\frac{1}{2} \sinh(2kh)+kh}{2 \cosh^2(kh)} = \frac{\sinh(kh)\cosh(kh)}{2 \cosh^2(kh)} \left(1 + \frac{2kh}{\sinh(2kh)}\right) \\ &= \frac{1}{2} \left(1 + \frac{2kh}{\sinh(2kh)}\right) \tanh(kh) = \frac{1}{2} f(kh) \end{aligned} \quad (\text{B73})$$

der $f(kh)$ er gjeven av (B52).

Altså

$$K = \frac{\rho g^2 f(kh)}{4\omega} (|\hat{\eta}_f|^2 - |\hat{\eta}_b|^2) \quad (B74)$$

For ei reint progressiv bølge ($B = 0$, $\Gamma = 0$, eller $\hat{\eta}_b = 0$) har me

$$K = \frac{\rho g^2 f(kh)}{4\omega} |\hat{\eta}_f|^2 = \frac{\rho g^2 f(kh)}{4\omega} |\hat{\eta}_i|^2 \quad (B75)$$

Me fører inn perioden $T = 2\pi/\omega$ og bølgehøgda $H = 2|\eta_i|$. For djupt vatn er $f(kh) = 1$ og

$$K = \frac{\rho g^2}{32\pi} TH^2 = (976 \text{ W s}^{-1} \text{ m}^{-3}) TH^2 \quad (B76)$$

når me set $\rho = 1020 \text{ kg/m}^3$ for sjøvatn. Med $[K] = \text{kW/m}$, $[T] = \text{s}$ og $[H] = \text{m}$ gjeld avrunda

$$\{K\} \approx \{T\}\{H\}^2$$

for ei regulær bølge.

T.d. med $T = 10 \text{ s}$ og $H = 2 \text{ m}$ får me $K = 40 \text{ kW/m}$.

Så vil me sjå på energien som er lagra i den progressive bølga. I tidsmiddel er den kinetiske energien pr. volumening

$$\begin{aligned} \frac{1}{2} \rho \frac{1}{2} \text{Re}\{\hat{v}_x \hat{v}_x^* + \hat{v}_z \hat{v}_z^*\} &= \\ &= \frac{1}{4} \rho \left(\frac{gk}{\omega}\right)^2 (e^{2(kz)} + e'^{2(kz)}) |\hat{\eta}_f|^2 \end{aligned} \quad (B78)$$

$$\begin{aligned} e^{2(kz)} + e'^{2(kz)} &= \frac{\cosh^2(kz+kh) + \sinh^2(kz+kh)}{\cosh^2(kh)} = \\ &= \frac{2 \cosh^2(kz+kh) - 1}{\cosh^2(kh)} = 2e^{2(kz)} - \frac{1}{\cosh^2(kh)} \end{aligned}$$

Kin. energi pr. volumening:

$$\frac{1}{4} \rho \left(\frac{gk}{\omega}\right)^2 \left\{ 2e^{2(kz)} - \frac{1}{\cosh^2(kh)} \right\} |\hat{\eta}_f|^2$$

Ved integrasjon $\int_{-h}^0 dz$ får me E_k -kin. energi pr. flate-
eining av sjøoverflata. Bruk av (B73) gjev

$$E_k = \frac{1}{4} \rho \left(\frac{gk}{\omega} \right)^2 \left\{ \frac{1}{k} f(kh) - \frac{h}{\cosh^2(kh)} \right\} |\hat{\eta}_f|^2 \quad (\text{B80})$$


$$E_k = \frac{\rho g}{4} \frac{gk}{\omega^2} \left\{ f(kh) - \frac{kh}{\cosh^2 kh} \right\} |\hat{\eta}_f|^2$$

Med bruk av (B44) og (B52)

$$\begin{aligned} E_k &= \frac{\rho g}{4} |\hat{\eta}_f|^2 \left(1 + \frac{2kh}{\sinh(2kh)} - \frac{kh}{\sinh(kh)\cosh(kh)} \right) = \\ &= \frac{\rho g}{4} |\hat{\eta}_f|^2 \end{aligned} \quad (\text{B81})$$

E_p - potensiell tyngdeenergi pr. flateeining.

Potensiell energi for eit rektangel 1 bølgjelengd lang og ei lengdeeining brei:



$$E_p \lambda = \int_0^{\lambda/2} \rho g \eta \frac{\eta}{2} 2 dx = \rho g \int_0^{\lambda/2} \eta^2 dx \quad (\text{B82})$$

$$E_p = \frac{\rho g}{2} \frac{1}{\lambda/2} \int_0^{\lambda/2} \eta^2 dx = \frac{\rho g}{4} |\hat{\eta}_f|^2 \quad (\text{B83})$$

Me ser at

$$\boxed{E_k = E_p = \frac{\rho g}{4} |\hat{\eta}_f|^2} \quad (\text{B84})$$

Dette er analogt med at energien som er lagra i ei progressiv elektromagnetisk bølge er likt delt mellom elektrisk energi

og magnetisk energi. Energien lagra i ei progressiv lyd- bølge er likt delt mellom kinetisk energi og potensiell elastisk energi.

Energien pr. flateining av sjøoverflata blir altså

$$E = E_k + E_p = \frac{\rho g}{2} |\hat{\eta}_f|^2 \quad (\text{B85})$$

Me kan definera ein energiforplantingsfart for den progressive bølgeja

$$v_E = \frac{K}{E} = \frac{g}{2\omega} f(kh) \quad (\text{B86})$$

Samanliknar me med (B51), ser me at dette er gruppefarten. Altså har me

$$\boxed{K = v_g E} \quad (\text{B87})$$

for den progressive bølgeja.

Sirkulære bølgjer.

Me har funne ei partikulær løysing (B42)

$$\hat{\phi} = H e(kz) \quad (\text{B88})$$

H er ein funksjon av koordinatane x og y. Men me fører inn polar- koordinatar r, θ ved


$$x = r \cos\theta$$

$$y = r \sin\theta$$

Funksjonen H skal oppfylla (B36)

$$-k^2 H = \nabla_H^2 H = \frac{\partial^2 H}{\partial x^2} + \frac{\partial^2 H}{\partial y^2} = \frac{\partial^2 H}{\partial r^2} + \frac{1}{r} \frac{\partial H}{\partial r} + \frac{1}{r^2} \frac{\partial^2 H}{\partial \theta^2} \quad (\text{B89})$$

Me prøver atter å bruka Bernoullis separasjonsmetode for å finna ei partikulær løysing



$$H(r, \theta) = R(r) \theta(\theta) \quad (\text{B90})$$

Innsetjing i (B89) og divisjon med H/r^2 gjev

$$\frac{r^2}{R} \left(\frac{d^2 R}{dr^2} + \frac{1}{r} \frac{dR}{dr} + k^2 \right) = - \frac{1}{\theta} \frac{d^2 \theta}{d\theta^2} = n^2$$

der n er ein konstant for di høgre sida er ein funksjon berre av r , medan høgre sida er uavhengig av r .

Altså

$$\frac{d^2 \theta}{d\theta^2} = \theta''(\theta) = -n^2 \theta \quad (\text{B91})$$

$$\frac{d^2 R}{dr^2} + \frac{1}{r} \frac{dR}{dr} + \left(k^2 - \frac{n^2}{r^2} \right) R = 0 \quad (\text{B92})$$

eller

$$R'' + \frac{1}{r} R' + \left(k^2 - \frac{n^2}{r^2} \right) R = 0$$

Den generelle løysinga av (B91) skriv me

$$\theta = \theta_n = c_c \cos(n\theta) + c_s \sin(n\theta) \quad (\text{B91a})$$

der c_c og c_s er integrasjonskonstantar. Me må ha ei eintydig løysing, d.v.s.

$$\theta_n(\theta + 2\pi) = \theta_n(\theta) \quad (\text{B91b})$$

Dette krev at n er eit heilt tal

$$n = 0, 1, 2, 3, \dots \quad (\text{B91c})$$

Då me har integrasjonskonstant også i løysinga for faktoren $R(r)$, vil me setja

$$\theta_{\max} = 1 \quad (\text{B91d})$$

slik at

$$c_s^2 + c_c^2 = 1 \quad (\text{B91e})$$

Då kan me skriva

$$\theta_n(\theta) = \cos(n\theta + \psi_n) = \cos\psi_n \cos(n\theta) - \sin\psi_n \sin(n\theta) \quad (\text{B93})$$

der ψ_n er ein integrasjonskonstant som førebels er uspesifisert.

Før me skriv opp noka generell løysing på (B92) vil me konstatera at i ei ideell væske som er ikkje-viskøs og dermed tapsfri, så må den effekten P_r som passerer ein sylinder med stor radius r vera uavhengig av r . D.v.s.

$$P_r = K \cdot 2\pi r \quad \text{uavhengig av } r$$

Altså må $K \propto r^{-1}$. For store r er den sirkulære bølge nær plan (krumminga av bølgefrenten har lite å seia). Då gjeld (B75) $K \propto |\hat{\eta}|^2$ - som visar at $|\hat{\eta}| \propto r^{-\frac{1}{2}}$. Dermed er $|\hat{\phi}| \propto r^{-\frac{1}{2}}$ - jfr. t.d. (B59) $\hat{\phi} = \frac{g}{-i\omega} e(kz)\hat{\eta}$ - og $|R| \propto r^{-\frac{1}{2}}$. Men R har og ein fase, som for ei utovergåande bølge er $-kr$. For store r må me altså venta

$$\hat{\phi} \propto r^{-\frac{1}{2}} e^{-ikr} e(kz) \quad (\text{B94})$$

Bessels differensiallikning (B92) har dei to lineært uavhengige løysingane $J_n(kr)$ og $N_n(kr)$, som er Bessel-funksjonar av orden n . J_n er av 1. slag og N_n av 2. slag. J_n er endeleg for $r = 0$, medan $N_n \rightarrow \infty$ når $r \rightarrow 0$. Andre singularitetar finst ikkje for $r \neq \infty$. For store r går J_n og N_n som cosinus- og sinus-funksjonar multiplisert med $r^{-\frac{1}{2}}$. I analogi med Eulers formlar

$$e^{ikr} = \cos(kr) + i \sin(kr) \quad (\text{B95})$$

$$e^{-ikr} = \cos(kr) - i \sin(kr)$$

definerer me Hankel-funksjonar av orden n og av 1. slag, respektivt 2. slag.

$$H_n^{(1)}(kr) = J_n(kr) + iN_n(kr) \quad (\text{B96})$$

$$H_n^{(2)}(kr) = J_n(kr) - iN_n(kr)$$

Merk at

$$H_n^{(1)}(kr) = \left(H_n^{(2)}(kr) \right)^* \quad (\text{B97})$$

Asymptotisk gjeld

$$H_n^{(2)}(kr) \approx \sqrt{2/(\pi kr)} e^{-i(kr - n\pi/2 - \pi/4)} \left(1 + O\left\{ \frac{1}{kr} \right\} \right) \\ \text{når } kr \rightarrow \infty \quad (\text{B98})$$

(Jfr. t.d. Jahnke-Emde-Lösch, Tafeln höherer Funktionen, 1960, p. 146.)

For $\rho = kr \rightarrow 0$ gjeld (med $\gamma = 1,781\dots$)

$$H_0^{(2)}(\rho) = i \frac{2}{\pi} \ln \frac{2}{\gamma\rho} + 1 - i \frac{\rho^2}{2\pi} \ln \frac{2}{\gamma\rho} + O\{\rho^2\} \\ H_1^{(2)}(\rho) = i \frac{2}{\pi\rho} + i \frac{\rho}{\pi} \ln \frac{2}{\gamma\rho} + O\{\rho\} \quad (\text{B99}) \\ H_n^{(2)}(\rho) = i \frac{(n-1)}{\pi} \left(\frac{2}{\rho} \right)^n + O\{\rho^{-n+2}\} \quad n > 1$$

Løysinga av differensiallikninga (B92) kan me difor skriva

$$R(r) = A_n H_n^{(2)}(kr) + B_n H_n^{(1)}(kr) \quad (\text{B100})$$

der A_n og B_n er integrasjonskonstantar. Av det asymptotiske uttrykket (B98) ser me at $H_n^{(2)}$ representerer ei utovergåande bølge og av (B97) at då representerer $H_n^{(1)}$ ei innovergåande bølge. Me skal bruka strålingsvilkåret for utgåande bølge i uendeleg og setja $B_n = 0$. Då har me løysinga

$$\hat{\phi} = A_n H_n^{(2)}(kr) \theta_n(\theta) e(kz) \quad (\text{B101})$$

Ein sum av slike løysingar

$$\hat{\phi} = \sum_{n=0}^{\infty} A_n H_n^{(2)}(kr) \theta_n(\theta) e(kz) \quad (\text{B102})$$

er også ei løysing som oppfyller strålingsvilkåret, disper-

sjonslikninga (B44) og Laplace-likninga (B29).

Etter (B98) går (B102) over til

$$\hat{\phi} \approx A(\theta)e(kz)(kr)^{-\frac{1}{2}}e^{-ikr} \quad \text{for } kr \gg 1 \quad (\text{B103})$$

der

$$A(\theta) = \sum_{n=0}^{\infty} \sqrt{2/\pi} A_n \theta_n(\theta) e^{i(n\pi/2+\pi/4)} \quad (\text{B104})$$

Den utgåande sirkulære bølge har sitt opphav i ei strålingskjelde i eller ved origo, $r = 0$. Det er berre i spesielle tilfelle at fartpotensialet er gjeve på den spesielle forma (B102) der variasjonen med z er teken vare på med faktoren $e(kz)$. Ei meir generell løysing som oppfyllar Laplace-likninga (B29), grensevilkåra og strålingsvilkåret for $r \rightarrow \infty$, er av forma

$$\hat{\phi} = \hat{\phi}_1(r, \theta, z) + A(\theta)e(kz)(kr)^{-\frac{1}{2}}e^{-ikr} \quad (\text{B105})$$

Her representerer siste leddet det såkalla "fjernfeltet", medan fyrste leddet $\hat{\phi}_1$ representerer "nærfeltet", eit lokalt fartpotensial som "knyter" fjernfeltet til strålingskjelda på ein slik måte at grensevilkåra ved strålingskjelda er oppfylte. Det kan visast at det lokale feltet $\hat{\phi}_1$ minskar med avstanden r frå kjelda minst så sterkt som $1/r$. Jfr. t.d. pp. 475-478 i Wehauer + Laitone, Surface Waves, Handbuch der Physik, Bd. IX, pp. 446-778 (1960).

Med bruk av (B32) gjev (B105)

$$\hat{\eta} = \hat{\eta}(r, \theta) = -\frac{i\omega}{g} \hat{\phi}_1(r, \theta, 0) - \frac{i\omega}{g} A(\theta)(kr)^{-\frac{1}{2}}e^{-ikr} \quad (\text{B106})$$

For store (kr) , der $\hat{\phi}_1$ kan neglisjerast, vil $(kr)^{-\frac{1}{2}}$ variera relativt lite over ei bølgelengd, så krumminga av bølgefrenten har lite å seia. Me kan då bruka energitransportformelen (B75) for plane bølger og byta ut $|n_i|$ med $|\frac{\omega}{g} A(\theta)(kr)^{-\frac{1}{2}}|$. Effekten transportert pr. lengdeining av bølgefrenten blir dermed

$$K(r, \theta) = \frac{f(kh)\rho g^2}{4\omega} \frac{\omega^2}{g^2} |A(\theta)|^2 \frac{1}{kr} = \frac{\omega\rho f(kh)}{4kr} |A(\theta)|^2$$

Den utstrålte effekten blir

$$P_r = \int_0^{2\pi} K(r, \theta) r d\theta = \frac{\omega\rho f(kh)}{4k} \int_0^{2\pi} |A(\theta)|^2 d\theta \quad (\text{B108})$$

For sirkulærsymmetrisk strålingskjelde er etter (B104)

$$A = \sqrt{\frac{2}{\pi}} A_0 e^{i\pi/4} \quad (\text{B109})$$

slik at

$$P_r = \frac{\omega\rho f(kh)}{k} |A_0|^2 \quad (\text{B110})$$

Dette er nyttig når me seinare skal finna strålingsresistansen for ein rundstrålar.

Spreiing av plan bølge på vertikal sylinder.


Me ser på tilfellet med ein vertikal sirkulær sylinder med radius a . Sylindren står på sjøbotnen og har akse samanfallande med z -aksen. Etter grensevilkåret (B30) må me ha

$$\left. \frac{\partial \hat{\phi}}{\partial r} \right|_{r=a} = 0 \quad (\text{B111})$$

Det fell ei progressiv plan bølge

$$\hat{\eta}_f = \eta_i e^{-ikx} \quad (\text{B112})$$

inn mot sylindren. Denne bølga kan ikkje åleine oppfylla grensevilkåret (B111). P.g.a. diffraksjon blir det sett opp ei spreidd bølge $\hat{\eta}_s$ slik at den resulterande bølge blir



$$\hat{\eta} = \hat{\eta}_f + \hat{\eta}_s = \eta_i e^{-ikr \cos\theta} + \hat{\eta}_s(r, \theta) \quad (\text{B113})$$

Me må ha $\hat{\eta}_s$ slik at den resulterande bølge oppfyller grensevilkåret (B111) ved $r = a$.

Me skal sjå at dette kan oppfyllest med ei spreidd bølge $\hat{\phi}_s$ av typen (B102). P.g.a. symmetrien i problemet må me ha $\theta(-\theta) = \theta(\theta)$. Difor set me $\psi_n = 0$ i (B93), slik at $\theta_n(\theta) = \cos(n\theta)$.

Av (B102) får me då for det spreidde fartpotensialet

$$\hat{\phi}_s = \sum_{n=0}^{\infty} A_n H_n^{(2)}(kr) \cos(n\theta) e(kz) \quad (\text{B114})$$

Så bruker me den matematiske formelen

$$e^{-ikx} = e^{-ikr \cos\theta} = J_0(kr) + 2 \sum_{n=1}^{\infty} (-i)^n J_n(kr) \cos(n\theta) \quad (\text{B115})$$

Bruker me då (B113) i (B59) får me

$$\begin{aligned} \hat{\phi} &= \frac{g}{-i\omega} e(kz) \hat{\eta} = \frac{g}{-i\omega} e(kz) (\hat{\eta}_f + \hat{\eta}_s) \\ &= e(kz) \sum_{n=0}^{\infty} \left\{ -\frac{g}{i\omega} \eta_i \epsilon_n (-i)^n J_n(kr) + A_n H_n^{(2)}(kr) \right\} \cos(n\theta) \end{aligned} \quad (\text{B116})$$

der $\epsilon_0 = 1$ og $\epsilon_n = 2$ for $n > 0$. Grensevilkåret (B111) ved $r = a$ er oppfylt dersom me set

$$(-i)^{n-1} \frac{g}{\omega} \eta_i \epsilon_n J_n'(ka) + A_n H_n^{(2)'}(kr) = 0$$

der

$$J_n'(ka) = \frac{d}{d\rho} J_n(\rho) \Big|_{\rho=ka}$$

og tilsvarende for $H_n^{(2)'}(ka)$.

Altså får me

$$A_n = -(-i)^{n-1} \epsilon_n \frac{g}{\omega} \eta_i \frac{J_n'(ka)}{H_n^{(2)'}(ka)} \quad (\text{B119})$$

Med desse verdiane for A_n bestemte gjev (B114) det spreidde potensialet $\hat{\phi}$.

C. BØLGESTATISTIKK OG ENERGIPOTENSIAL

C1 - Innledning

Virkelige havbølger er ikke harmoniske og plane. Hvorfor?

1. Dispersjon.
2. Genereringsmekanismen - vind.

Dette at havbølger er generert av vind gir dem en ikke-deterministisk karakter.

Virkelige havbølger må beskrives med statistiske metoder.

C2 - Energispekteret

Under forutsetning av at lineær teori er gyldig kan superposisjonsprinsippet benyttes for å beskrive en gitt sjøtilstand. Sjøtilstanden splittes opp i harmoniske, plane bølger med forskjellige frekvenser og innfallsretninger gjennom en Fourieromvending. Umiddelbart ville det være tiltrekkende å prøve å uttrykke overflatens posisjon, $\eta(x,y,t)$, på denne måten. I såfall skal $\eta(x,y,t)$ fourieromvendes til å gi en spekteramplitude, $\hat{A}(\omega, \theta)$:

$$\hat{A}(\omega, \theta) = |\hat{A}(\omega, \theta)| e^{i\psi(\omega, \theta)} \quad (C1)$$

Her oppstår imidlertid problemer ut fra den fysiske virkelighet:

1. Overflatens posisjon, $\eta(x,y,t)$, er ikke absolutt integrerbar.

$$\iint_{-\infty}^{\infty} |\eta| dx dy \rightarrow \infty \quad (C2)$$

2. Havet er ikke å betrakte som en flate, men heller som forskjellige områder med diffuse avgrensninger. Først innenfor ett slikt område kan vi snakke om ensartede forhold.
3. Generering av havbølger gir transiente forløp og dermed ikke-stasjonære prosesser.
4. Havbølgene har en ikke-deterministisk karakter p.g.a. genereringsmekanismen.

Disse forholdene gjør at vi ikke direkte kan gå til å fourieromvende $\eta(x,y,t)$.

For det første må vi begrense beskrivelsen av en sjøtilstand til å gjelde ett bestemt havområde og tidsintervall. Innenfor dette området og intervallet kan sjøtilstanden betraktes som en stasjonær, stokastisk prosess. Videre oppnås en ikke-deterministisk beskrivelse (pkt 4.) ved å begrense kravet til fasevinklen ψ - jmf. likn. (C1). Det eneste som kreves av denne fasevinklen er at den skal være rektangulærfordelt i området 0 til 2π .

$$f(\psi) = \begin{cases} \frac{1}{2\pi} & \text{når } 0 < \psi < 2\pi \\ 0 & \text{ellers} \end{cases} \quad (C3)$$

På grunn av at $\eta(x,y,t)$ ikke er absolutt integrerbar er det hensiktsmessig i første omgang å begrense fourierrepresentasjonen til å gjelde midlere energitetthet, \bar{E} , i sjøtilstanden. Energispekteret $S(\omega, \theta)$, defineres gjennom

$$\bar{E} \stackrel{\text{def}}{=} \rho g \int_0^{\infty} \int_0^{2\pi} S(\omega, \theta) d\omega d\theta \quad (C4)$$

Energiinnholdet innenfor området $(\omega, \omega+d\omega)$ og $(\theta, \theta+d\theta)$ er altså $\rho g S(\omega, \theta)$. $S(\omega, \theta)$ betegnes også gjerne som to-dimensjonalt eller retningsoppløst energispekter for å skille fra størrelsen $S(\omega)$ gitt ved

$$S(\omega) = \int_0^{2\pi} S(\omega, \theta) d\theta \quad (C5)$$

Rent måleteknisk begrenser en seg ofte til å registrere $S(\omega)$. Å registrere den fullstendige $S(\omega, \theta)$ er langt mer komplisert. Ofte benyttes betegnelsen "energispekter" på $S(\omega)$ og ikke $S(\omega, \theta)$.

Dersom en nå ønsker å uttrykke $\eta(x,y,t)$ på samme måte, må en gå forsiktig fram. Det er da tryggest først å skrive likning (C4) på diskretisert form :

$$\bar{E} = \rho g \sum_{j=1}^{\infty} \sum_{\ell=1}^m S(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta \quad (C6)$$

hvor

$$m\Delta\omega = 2\pi \quad (C7)$$

På samme måte kan nå $\eta(x, y, t)$ uttrykkes på diskretisert form

$$\eta(x, y, t) = \text{Re} \left\{ \sum_{j=1}^{\infty} \sum_{\ell=1}^m |\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell})| \exp(i\psi(\omega_j, \theta_{\ell})) \cdot \exp(i(\omega_j t - k_j(x \cos \theta_{\ell} + y \sin \theta_{\ell}))) \Delta\omega \Delta\theta \right\} \quad (C8)$$

hvor $\psi(\omega_j, \theta_{\ell})$ er gitt ut fra likn. (C3). $\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta$ er således amplituden til en bølge med frekvens ω_j og innfallsretning θ_{ℓ} .

Dermed kan midlere energitetthet, $\bar{E}(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta$, innenfor $(\omega_j, \omega_j + \Delta\omega)$ og $(\theta_{\ell}, \theta_{\ell} + \Delta\theta)$ uttrykkes på to forskjellige måter. Fra likn. (C6) :

$$\bar{E}(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta = \rho g S(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta \quad (C9)$$

Fra likning (C8) :

$$\bar{E}(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta = \frac{1}{2} \rho g |\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell})|^2 (\Delta\omega \Delta\theta)^2 \quad (C10)$$

Dette gir følgende sammenheng mellom $S(\omega_j, \theta_{\ell})$ og $|\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell})|$:

$$|\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell})| \Delta\omega \Delta\theta = \left(2 S(\omega_j, \theta_{\ell}) \Delta\omega \Delta\theta \right)^{\frac{1}{2}} \quad (C11)$$

Likn. (C11) illustrerer da klart problemet som oppstår dersom en ønsker å uttrykke $\eta(x, y, t)$ på integralform ut fra likning (C8) ved å gå til grensen $\Delta\omega, \Delta\theta \rightarrow 0$. $S(\omega_j, \theta_{\ell})$ er en endelig størrelse. Av likn. (C11) går det fram

$$\lim_{\Delta\omega, \Delta\theta \rightarrow 0} |\hat{A}(\omega_j, \theta_{\ell})| \rightarrow \infty \quad (C12)$$

Således er det kun på diskretisert form det har mening å uttrykke $\eta(x, y, t)$ på spektral form.

Størrelsen $\bar{\eta}^2$ er definert ved

$$\bar{\eta}^2 \stackrel{\text{def}}{=} \lim_{T, L_x, L_y \rightarrow \infty} \frac{1}{TL_x L_y} \int_0^T \int_0^{L_x} \int_0^{L_y} \eta^2(x, y, t) dy dx dt \quad (\text{C13})$$

Det kan da vises med utgangspunkt i likn. (C8) samt ved å benytte likn. (C11)

$$\bar{\eta}^2 = \int_0^\infty \int_0^{2\pi} S(\omega, \theta) d\omega d\theta \quad (\text{C14})$$

Slik at

$$\bar{E} = \rho g \bar{\eta}^2 \quad (\text{C15})$$

Autokorrelasjonsfunksjonen til overflatens posisjon,

$R_\eta(\tau)$, defineres ved :

$$R_\eta(\tau) \stackrel{\text{def}}{=} \lim_{T \rightarrow \infty} \frac{1}{T} \int_0^T \eta(t) \eta(t+\tau) dt \quad (\text{C16})$$

hvor $\eta(t)$ er lik $\eta(x, y, t)$ målt i vilkårlig punkt, f.eks. $x = y = 0$. På samme måte kan det nå vises :

$$R_\eta(\tau) = \int_0^\infty S(\omega) \cos \omega \tau d\omega \quad (\text{C17})$$

Altså er $R_\eta(\tau)$ fourier cosinus-transformen til $S(\omega)$. Derav følger at eventuelt kan $S(\omega)$ finnes når $R_\eta(\tau)$ er kjent :

$$S(\omega) = \frac{2}{\pi} \int_0^\infty R_\eta(\tau) \cos \omega \tau d\tau \quad (\text{C18})$$

C3 - Bølgespekterparametre


Definerer j 'te ordens moment, m_j , og spektrumsbreddeparameteren, ϵ :

$$m_j \stackrel{\text{def}}{=} \int_0^{\infty} \omega^j S(\omega) d\omega \quad (\text{C19})$$

$$\epsilon \stackrel{\text{def}}{=} 1 - \frac{m_2^2}{m_0 m_4} \quad (\text{C20})$$

Bredt spekter : $m_0 m_4 \gg m_2^2$ gir $\epsilon \rightarrow 1$

Regulære bølger: $m_0 = m_2 = m_4$ gir $\epsilon = 0$



x - bølgetopper

0 - nulloppekrysning

ω_z - nulloppekrysningsfrekvens

ω_c - bølgetoppfrekvens

$$\omega_c > \omega_z \quad (\text{C21})$$

I praksis viser det seg:

$$\omega_z \approx \omega_{02} \quad (\text{C22})$$

$$\omega_c \approx \omega_{24} \quad (\text{C23})$$

hvor

$$\omega_{02}^2 \stackrel{\text{def}}{=} \frac{m_2}{m_0} \quad (\text{C24})$$

$$\omega_{24}^2 \stackrel{\text{def}}{=} \frac{m_4}{m_2} \quad (\text{C25})$$

C4 - Registrering av energispekteret

Ved hjelp av bøye og akselerometer (Waverider) foregår det for tiden registrering av bølgene på fire steder langs kysten - Utsira, Halten, Hekkingen og Tromsøflaket.

I tillegg kommersiell bølgerregistrering foretatt fra fyrstårn.

Med Waverider registreres overflatens posisjon over en periode, t_{reg} , på ca 20 min. (1024 sek.) hver tredje time. Registreringen gjøres om til en diskretisert sampling med samplingsintervall, Δt , på 0.5 sek. Spekteret finnes ved å anta at forløpet gjentar seg med en periode på t_{reg} . Dette gir et diskretisert spekter (råspekter) med

$$\Delta v = \frac{1}{t_{reg}} \quad (C26)$$

Båndbredden til spekteret har sammenheng med Δt , samplingsintervallet, og er gitt av den såkalte Nyquistfrekvensen:

$$v_c = \frac{1}{2\Delta t} \quad (C27)$$

Antall punkter i tidsplan: n_t

Antall punkter i frekvensplan: n_v

$$n_v = \frac{v_c}{\Delta v} = \frac{t_{reg}}{2\Delta t} = \frac{1}{2} n_t \quad (C28)$$

Vanligvis foretaes en glatting av råspekteret før resultatet presenteres. Det er gjerne vanlig å glatte over 8 og 8 punkter. I praksis vil en da ha:

$$\Delta v = \frac{1}{1024} \text{ Hz} \approx 10^{-3} \text{ Hz}$$

$$v_c = 1 \text{ Hz}$$

$$n_v = 1024$$

$$\Delta v_g = 8\Delta v = 0.78 \cdot 10^{-2} \text{ Hz}$$

$$n_{v,g} = 128$$

Fra den diskretiserte registreringen i tidsplan skal det numerisk beregnes et diskretisert spekter. Dette kan gjøres på forskjellige måter:

1. Fullstendig Fouriertransform (FT).
2. Gå veien om autokorrelasjonsfunksjonen, $R_\eta(t)$, slik som antydnet i likning (C18).
3. Bruk av såkalt Hurtig Fouriertransform (FFT). Denne metoden er numerisk sett langt den raskeste. En forutsetning for å benytte metoden er at registreringen

er gitt i 2^n punkter. FFT benyttes i forbindelse med registreringene fra Waverider. I den forbindelse er det utviklet et såkalt NEPTUN-program.

Det bør presiseres at et spektralestimat slik det f.eks. regnes ut ved hjelp av NEPTUN-programmet har knyttet til seg en usikkerhet. Således må det oppgis et konfidensintervall sammen med spektralestimatet. Som en fingerregel kan en regne at spektralestimatet er χ_k^2 -fordelt hvor k (antall frihetsgrader) er to ganger antall frekvenspunkter det glattes over. Der hvor energispekteret har skarpe toppe vil k være mindre. Ved gitt t_{reg} vil avtagende Δv_g (større oppløsning i frekvensplan) gi økende usikkerhet i hvert enkelt spektralestimat. Ved gitt Δv_g må t_{reg} øke for at usikkerheten i spektralestimatet skal avta.

C5 - Analytiske uttrykk for energispekteret

En rekke forsøk er gjort på å framskaffe analytiske uttrykk for energispekteret ut fra fysikalske modeller samt de erfaringer en har med bølgerregistrering. Vanlige parametre i slike spektra er H_s (signifikant bølgehøyde - jmf. avsn. (5) og T_z . En annen parameter som også ofte benyttes er vindhastigheten, u_{10} .

De spektra som framkommer har alle sine begrensninger. En bør derfor studere forutsetningene som ligger til grunn for hvert enkelt spekter før en velger et egnet spekter. Et velegnet spekter i Nordsjøen burde være det såkalte JONSWAP - spekteret (JONSWAP - Joint North Sea Wave Project). Det såkalte Pierson-Moscowitz spekteret er et spesialtilfelle av JONSWAP-spekteret.

C6 - Bølgehøydestatistikk

Med bølgehøyden, H , menes høydeforskjellen mellom minimalpunkt og påfølgende maksimalpunkt i sjøoverflatens posisjon, $\eta(t)$. Til dimensjonerende formål benyttes gjerne fordelingen av bølgehøyder. En skiller da mellom

- * Korttidsstatistikk
- * Fordeling av sjøtilstander
- * Langtidsstatistikk.

Korttidsstatistikk

Vanlige sjøtilstander har $\epsilon = 0.4 - 0.5$ (jmf. likn. (C20)). Det kan da vises at H med god tilnærmelse følger Rayleighfordeling.

$$F(H) = 1 - \exp\left(\frac{-H^2}{8m_0}\right) \quad (C29)$$

Signifikant bølgehøyde, H_s , er definert ved

$$H_s \stackrel{\text{def}}{=} \frac{\int_a^\infty Hf(H)dH}{\int_a^\infty f(H)dH} \quad (C30)$$

hvor

$$\int_a^\infty f(H)dH = 1/3 \quad (C31)$$

Med Rayleighfordeling kan det vises

$$H_s = 4.0043 \sqrt{m_0} \approx 4\sqrt{m_0} \quad (C32)$$

$$F(H) = 1 - \exp\left(-2\left(\frac{H}{H_s}\right)^2\right) \quad (C33)$$

$$\bar{E} = \frac{1}{16} \rho g H_s^2 \quad (C34)$$

Forøvrig - når det gjelder sammenheng mellom de forskjellige typer bølgestatistikk er dette vist i en egen oversiktstabell.

C7 - Energipotensialet i havbølger

Effekttransporten i regulære, plane bølger er gitt ved:

$$K = \frac{1}{4} \frac{\rho g^2 f(kh)}{\omega} |\hat{n}|^2 \quad (C35)$$

Tilsvarende får vi for effekttransporten i irregulære bølger langs retningen θ_0 :

	KORTTIDSSTATISTIKK	SJØTILSTANDER	LANGTIDSSTATISTIKK
Uavhengig variabel	H	H_s	H
Parameter	H_s	H_c, γ event. H_0	H_c, γ
Tidsskala	~ time	~ år	~ år
Type fordeling	Rayleighfordeling $F_x(H) = 1 - \exp\{-2(H/H_s)^2\}$	Weibullfordeling $F(H_s) = 1 - \exp\left\{-\left(\frac{H_s - H_0}{H_c - H_0}\right)^\gamma\right\}$	Weibullfordeling $F_L(H) = \int_0^H f(H_s) dH_s$ $F_L(H) = 1 - \exp\left\{-\left(\frac{H}{C}\right)^D\right\}$ $C = C(\gamma); D = D(\gamma)$
Anvendelser	Bestemme H_s	Bestemme H_c, γ, H_0 Dimensjonering (f.eks. varighet av sjøtilstander)	Dimensjonering (f.eks. 100 års - bølge)

$$K(\theta_0) = \frac{1}{2} \rho g^2 \int_0^{\infty} \int_0^{2\pi} \frac{S(\omega, \theta)}{\omega} f(kh) \cos(\theta - \theta_0) d\theta d\omega \quad (C36)$$

Dersom sjøtilstanden er slik at bølgene kommer inn fra kun en retning, θ_i , kan det uttrykkes ved

$$S(\omega, \theta) = S(\omega) \delta(\theta - \theta_i) \quad (C37)$$

I dette tilfellet får en

$$K(\theta_0) = \frac{1}{2} \rho g^2 \cos(\theta_i - \theta_0) \int_0^{\infty} \frac{S(\omega)}{\omega} f(kh) d\omega \quad (C38)$$

På dypt vann går dette over til (jmf. likn. (C19)):

$$K(\theta_0) = \frac{1}{2} \rho g^2 m_{-1} \cos(\theta_i - \theta_0) \quad (C39)$$

Figur C1 og C2 viser energitransporten beregnet ut fra kjennskap til $S(\omega)$ (basert på registreringer fra Waverider og bruk av NEPTUN-programmet.).

Figur C3 viser effekttransporten langs Norskekysten basert på visuelt observerte bølgedata fra fyrårn. Beregningene indikerer en midlere effekttransport i størrelsesorden 20 kW/m inn mot Norskekysten. Dette tilsvarer en energi-transport på 0.2 GWh/m pr. år.




Fig. C2 - Samme referanse som fig. C1.




Fig. C3 - Hentet fra Sverre Gran - "Estimates of wave power at the coast of Norway." DnV-rapport 77-570.

D. VEKSELVERKNAD MELLOM EI BØLGJE OG EIN SVINGANDE KROPP

Hittil har me sett på eigenskapar ved bølgefôrplanting men ikkje sett på korleis bølger blir sett opp.

Sagt på ein annan måte, har me sett på grenseflater som berre er i ro. No skal me sjå på korleis svingande grenseflater kan setja opp ei bølge i vaska. Grensevilkåret (B30)

$$\frac{\partial \hat{\phi}}{\partial n} = \hat{u}_n \quad (D1)$$


har me hittil berre brukt for grenseflater som er i ro ($u_n = 0$).


Me skal også sjå på dei kreftene som ei bølge påverkar grenseflata med. Vidare skal me sjå på ein samanheng mellom slike bølgekrefter og strålingsresistansen.

Svingemodi for ein fast kropp.

Ein fast kropp kan svinga på seks ulike måtar, eller som me seier i seks ulike svingemodi. Av dette er det tre translasjonsmodi og tre rotasjonsmodi.

Me ser på ein skipsliknande kropp, med x-aksen valt langs lengderetninga av kroppen. Vidare har me lagt den vertikale z-aksen gjennom tyngdepunktet av kroppen.





Dei seks svingemodiane har då namn som vist i tabellen under

Modus nr.	Rørsleform	Namn	
		norsk	engelsk
1	Translasjon i x-retning	jaging	surge
2	" " y- "	slingring	sway
3	" " z- "	hiving	heave
4	Rotasjon om x-aksen	rulling	roll
5	" " y- "	stamping	pitch
6	" " z- "	giring	yaw

For kroppar som ikkje er langstrekke som eit skip kan det koma på det same med namna jaging og slingring og med rulling og stamping.

Me skal sjå korleis me kan formulera grensevilkåret (D1) spesielt for dei ulike modiane. La oss fyrst sjå på translasjon, t.d. hivmodusen. D.v.s. la

$$\vec{u} = u_2 \vec{k} = u_3 \vec{k}. \quad (D2)$$

Då er normalkomponenten av farten

$$u_n = u_3 n_3 \quad (D3)$$

der

$$n_3 = \cos(n, z) \quad (D4)$$

Her er (n, z) vinkelen mellom flatenormalen \vec{n} og z-aksen. Me reknar framleis med så små utsving at me kan bruka lineær teori. Den genererte bølga vil då vera proporsjonal med \hat{u}_3 . Me skriv då fartpotensialet

$$\hat{\phi} = \varphi_3 \hat{u}_3 \quad (D5)$$

Grensevilkåret (D1) gjev då

$$\frac{\partial \phi}{\partial n} = u_n = u_3 n_3 \quad (D6)$$

eller

$$\frac{\partial \varphi_3}{\partial n} = n_3 \quad (D7)$$

Tilsvarende blir det for dei to andre translasjonsmodiane.

La oss no sjå på ein rotasjonsmodus, t.d. rullemodusen. Den er karakterisert ved ein vinkelfart med kompleks amplitude

$$\hat{\Omega}_x = \hat{u}_4. \quad (D8)$$

Eit flateelement i posisjonen \vec{s} har då farten

$$\vec{u} = \vec{\Omega}_x \times \vec{s} = \vec{u}_4 \times \vec{s}. \quad (D9)$$

Den genererte bølga har eit fartpotensial

$$\hat{\phi} = \varphi_4 \hat{u}_4 \quad (D10)$$

(i lineær teori). Grensevilkåret (D1) blir no

$$\frac{\partial \hat{\phi}}{\partial n} = \frac{\partial \varphi_4}{\partial n} \hat{u}_4 = \hat{u} \cdot \vec{n} = (\hat{u}_4 \times \vec{s}) \cdot \vec{n} = (\vec{s} \times \vec{n}) \cdot \hat{u}_4 =$$

$$= (\vec{s} \times \vec{n})_x \hat{u}_4 = (yn_z - zn_y) \hat{u}_4 \quad (D11)$$

eller

$$\frac{\partial \varphi_4}{\partial n} = (\vec{s} \times \vec{n})_x = yn_z - zn_y = y \cos(n, z) - z \cos(n, y) \quad (D12)$$

Innfører me

$$n_4 = (\vec{s} \times \vec{n})_x \quad (D13)$$

får me

$$\frac{\partial \varphi_4}{\partial n} = n_4 \quad (D14)$$

Tilsvarende gjeld for dei to andre rotasjonsmodiane.

Me har såleis definert ein generalisert fartvektor med seks komponentar

$$(u_1, u_2, u_3, u_4, u_5, u_6) \quad (D15)$$

Merk at komponentane u_4 , u_5 og u_6 er vinkelfartar med eining rad/s. Vidare har me definert ein generalisert normalvektor med seks komponentar. Dei tre fyrste er

$$\vec{n} = (n_1, n_2, n_3) = n_1 \vec{i} + n_2 \vec{j} + n_3 \vec{k} \quad (D16)$$

og dei er dimensjonslause. Dei tre siste er

$$\vec{s} \times \vec{n} = (n_4, n_5, n_6) \quad (D17)$$

og dei har dimensjon av lengd med eining m.

Grensevilkår for svingemodus nr. q , der $q = 1, 2, \dots, 6$, er etter (D7) og (D14)

$$\frac{\partial \varphi_q}{\partial n} = n_q \quad \text{på } S \quad (D18)$$

der S er den svingande grenseflata. I lineær teori, som gjeld for små utsving, kan me gjera det matematisk enklare ved å rekna S som den middels grenseflata av den svingande kroppen. Ein annan måte å seia det på at S er den vatte overflata av kroppen. Den tørre delen av overflata som er over vatnet kjem ikkje direkte inn i noko grensevilkår.

I væska utanfor S gjev Laplace-likninga (B29) at

$$\nabla^2 \varphi_q = 0 \quad (D19)$$

Vidare gjeld (B31) på den frie overflata

$$\left[-\omega^2 \varphi_q + g \frac{\partial}{\partial z} (\varphi_q) \right]_{z=0} = 0 \quad (D20)$$

og på sjøbotnen

$$\left. \frac{\partial \varphi_q}{\partial z} \right|_{z=-h} = 0 \quad (D21)$$

Ved utstråling på ein uendeleg vid sjø må me dessutan krevja at φ_q skal oppfylla strålingsvilkåret om utgåande bølge i uendeleg avstand.

I lineær teori kan me bruka superposisjonsprinsippet. Når kroppen svingar i alle modiane samstundes, har den utstrålte (genererte) bølge eit fartpotensial

$$\hat{\phi} = \sum_{q=1}^6 \varphi_q \hat{u}_q \quad (D22)$$

Sjå også (D186) og etterfølgjande utleiing.

Hydrodynamisk kraft som verkar på kroppen.

For eit gjeve fartpotensial ϕ skal me finna uttrykk for kraft og moment som verkar på kroppen.

La oss fyrst sjå på ein kraftkomponent t.d. F_z .

Vertikal kraft på flateelementet dS er

$$p(-n_z)dS = -pn_3dS \quad (D23)$$

Vertikal kraft på heile kroppen

$$F_3 = F_z = -\iint_S p n_3 dS \quad (D24)$$

med kompleks amplitude etter
(B33)

$$\hat{F}_3 = \hat{F}_z = i\omega\rho\iint_S \hat{\phi} n_3 dS \quad (D25)$$

Tilsvarande gjeld for dei to andre kraftkomponentane.

Så ser me på kraftmomentet om x-aksen. Moment som verkar på flateelementet dS

$$dM_x = ydF_z - zdF_y = (-pn_{zy} + pn_{yz})dS \quad (D26)$$

$$M_x = -\iint_S p(yn_z - zn_y) dS \quad (D27)$$

Med bruk av (B33) og (D13) får me

$$= \hat{M}_x = i\omega\rho\iint_S \hat{\phi} n_4 dS \quad (D28)$$

Tilsvarande gjeld for dei andre komponentane M_y og M_z .

Me definerer ein generalisert kraftvektor med seks komponentar, der dei tre fyrste

$$(F_1, F_2, F_3) = (F_x, F_y, F_z) = \vec{F} \quad (D29)$$


har eining N, og dei tre siste

$$(F_4, F_5, F_6) = (M_x, M_y, M_z) = \vec{M} \quad (D30)$$

har eining Nm.

For komponent nr. q der $q = 1, 2, \dots, 6$, har me altså

$$\hat{F}_q = -\iint_S \hat{p} n_q dS = i\omega\rho\iint_S \hat{\phi} n_q dS \quad (D31)$$



for eit vilkårleg gjeve potensial $\hat{\phi}$.

Denne formelen kan brukast til å finna ut t.d. dei kreftene som bølgiene påverkar ein stillestående kropp med.

Men no skal me fyrst sjå på dei kreftene som verkar når kroppen sjølv svingar og set opp ei bølge og såleis påverkar kroppen med bølgekrefter.

Strålingsimpedansen.

Når kroppen svingar i modus nr. q , med ein kompleks fartamplitude \hat{u}_q , blir det etter (D22) generert ei bølge med fartpotensial

$$\hat{\phi} = \varphi_q \hat{u}_q \quad (D32)$$

P.g.a. dette blir det sett opp ei reaksjonskraft på kroppen. Kraftkomponent nr. q er etter (D31)

$$\hat{F}_q = i\omega\rho \iint_S \hat{u}_q \varphi_q n_q dS \quad (D33)$$

Merk at \hat{u}_q (anten det er snakk om ein translasjonsfart eller ein vinkelfart for ein rotasjonsmodus) er konstant og kan setjast utanfor integralet. Altså kan me setja

$$\hat{F}_q = -Z_{qq} \hat{u}_q \quad (D34)$$

der me i samsvar med (A55) har innført strålingsimpedansen

$$Z_{qq} = -i\omega\rho \iint_S \varphi_q n_q dS \quad (D35)$$

Men generelt kan dei fem andre komponentane av den generaliserte kraftvektoren få tilskot frå den bølga som svingemodusen q genererer.

Den generelle kraftkomponenten er

$$\hat{F}_j = -Z_{jq} \hat{u}_q \quad (D36)$$

der

$$Z_{jq} = i\omega\rho \iint_S \varphi_q n_j dS \quad (D37)$$

$q = 1, 2, \dots, 6$ og $j = 1, 2, \dots, 6$.

Med bruk av grensevilkåret (D18) på den vätte overflata S av kroppen får me

$$Z_{jq} = -i\omega\rho \iint_S \varphi_q \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} dS \quad (D38)$$

Me ser at me kan definera ei strålingsimpedansmatrise Z_{jq} som me skal drøfta meir inngående seinare. M.a. skal me visa resiprositetssatsen som seier at

$$Z_{jq} = Z_{qj} \quad (D39)$$

Sjå også (D135b).

Energitolking av strålingsimpedansen.

Etter definisjonen er alle n_q for ein fast kropp reelle. Difor er etter grensevilkåret (D18)

$$\frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} = \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} = n_q \quad \text{på } S \quad (D40)$$

Då kan me setja strålingsimpedansen

$$Z_r = Z_{qq} = -i\omega\rho \iint_S \varphi_q \frac{\partial \varphi_q}{\partial n} dS = -i\omega\rho \iint_S \varphi_q \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} dS \quad (D41)$$

$$\begin{aligned} \frac{1}{2} Z_r |\hat{u}_q|^2 &= + \frac{1}{2} \iint_S (-i\omega\rho \varphi_q \hat{u}_q) \frac{\partial \varphi_q^*}{\partial n} \hat{u}_q^* dS \\ &= + \iint_S \frac{1}{2} \hat{p} \hat{v}_n^* dS \end{aligned} \quad (D42)$$

Realdelen av dette er den effekten som blir levert til væska når kroppen svingar i modus nr. q . Imaginærdelen representerer den såkalla reaktive "effekten".

For strålingsresistansen $R_r = \text{Re}(Z_r)$ gjeld

$$\frac{1}{2} R_r |\hat{u}_q|^2 = \frac{1}{2} R_{qq} |\hat{u}_q|^2 = \text{Re} \left\{ \iint_S \frac{1}{2} \hat{p} \hat{v}_n^* dS \right\} = P_r \quad (\text{D43})$$

i samsvar med (A53). Merk at (D38) definerer strålingsimpedansen slik i forhold til den rom-uavhengige \hat{u}_q at den utstrålte effekten P_r er som uttrykt ved (D43).

Bølgjegenerator utan addert masse.

Me skal sjå på generering av ei harmonisk bølge

$$\hat{\eta} = \eta_0 e^{-ikx} \quad (\text{D44})$$


i ei bølgjerenne med vegger parallelle med x-aksen. Ei absorberande strand syter for at inga bølge er reflektert. Eventuelt kan me tenkja oss bølgjerenne uendeleg lang. Me går ut frå at bølga er plan, d.v.s. at ingen tverrsvingingar finst.

Det tilsvarande fartpotensialet er

$$\hat{\phi} = \frac{-g}{i\omega} \eta_0 e(kz) e^{-ikx} \quad (\text{D45})$$

Partikkelfarten har ein x-komponent

$$\hat{v}_x = \frac{\partial \hat{\phi}}{\partial x} = \frac{gk}{\omega} \eta_0 e(kz) e^{-ikx} \quad (\text{D46})$$



Me tenkjer oss ein ideell bølgegenerator forma som ei vertikal plate ved $x = 0$. Plata er bøyeleg og gjer små horisontale svingerørsler slik at farten er følgjande funksjon av djupna

$$\hat{u} = \hat{u}(z) = \hat{u}_1 e(kz) \quad (\text{D47})$$

der \hat{u}_1 er ein konstant.

Maksimalutsvinget er vist med stipla kurver i figuren. Merk at for $z = 0$ er $\hat{u} = \hat{u}_1$.

Grensevilkåret $\hat{v}_x = \hat{u}_x$ ved $x = 0$ kan me få oppfylt med den plane bølga (D46) og denne spesielle $\hat{u}(z)$ fordi u_x og v_x varierer med z på same måten. Grensevilkåret gjev

$$\hat{u}_1 e(kz) = \hat{u}_x = \hat{v}_x \Big|_{x=0} = \frac{gk}{\omega} \eta_0 e(kz) e^{-i0} \quad (\text{D48})$$

Me må altså ha

$$\eta_0 = \frac{\omega}{gk} \hat{u}_1 \quad (\text{D49})$$

$$\hat{\eta} = \frac{\omega}{gk} \hat{u}_1 e^{ikx} \quad (\text{D50})$$

$$\hat{\phi} = \frac{-1}{ik} \hat{u}_1 e(kz) e^{-ikx} = \varphi_1 \hat{u}_1 \quad (\text{D51})$$

$$\varphi_1 = \frac{-1}{ik} e(kz) e^{-ikx} \quad (\text{D52})$$

Med denne spesielle bølgegeneratoren har me greidd å setja opp eit fjernfelt som gjeld heilt innåt bølgegeneratoren. Det er altså ikkje noko nærfelt i dette spesielle tilfellet.

Me skal så rekna ut strålingsimpedansen direkte. Det hydrodynamiske trykket er etter (B33)

$$\hat{p} = -i\omega\rho\hat{\phi} = \frac{\omega\rho}{k} \hat{u}_1 e(kz) e^{-ikx} \quad (\text{D53})$$

$$\hat{v}_x = \frac{\partial\hat{\phi}}{\partial x} = \hat{u}_1 e(kz) e^{-ikx} \quad (\text{D54})$$

På den bølgeggenererende plata $x = 0$ er

$$\frac{1}{2} \hat{p}\hat{v}_x^* = \frac{1}{2} \frac{\omega\rho}{k} e^{2(kz)} |\hat{u}|^2 \quad (\text{D56})$$

Merk at dette er reellt. Her er altså ingen reaktiv effekt. Effekten som bølgeggeneratoren leverer, finn me ved å integrera over den svingande plata

$$\iint_S \frac{1}{2} \hat{p}\hat{v}_x^* dS = \frac{1}{2} |\hat{u}_1|^2 \frac{\omega\rho}{k} \int_{-h}^0 e^{2(kz)} dz \cdot d$$

der d er breidda av bølgerenna og bølgeggeneratoren. Strålingsimpedansen blir etter (D42)

$$Z_{11} = \frac{\omega\rho}{k} \int_{-h}^0 e^{2(kz)} dz \cdot d \quad (\text{D58})$$

Med bruk av (B73) finn me

$$Z_{11} = \frac{\omega\rho d}{2k^2} f(kh) \quad (\text{D59})$$

Merk at

$$Z_{11} = R_{11} + i\omega m_{11} \quad (\text{D60})$$

er reint reell. Altså er den adderte massen null for denne bølgeggeneratoren

$$Z_{11} = R_{11} = \frac{\omega\rho f(kh)d}{2k^2} \quad (\text{D61})$$


Den utstrålte effekten blir

$$\begin{aligned} P_r &= \frac{1}{2} R_{11} |u_1|^2 = \frac{\omega\rho f(kh)d}{2 \cdot 2 \cdot k^2} |u_1|^2 \\ &= \left| \frac{\omega\hat{u}_1}{gk} \right|^2 \frac{\rho g^2 f(kh)d}{4\omega} = \frac{\rho g^2 f(kh)d}{4\omega} |\hat{\eta}|^2 = Kd \quad (\text{D62}) \end{aligned}$$

i samsvar med (B75).

Merk at denne bølgeggeneratoren er fri for addert masse berre ved ein frekvens, nemleg berre den frekvensen som gir ein k og dermed $e(kz)$ som passar til den konstruerte bølgeggeneratoren.

Me kan bruka dei funne resultatata for å finna strålingsimpedansen til ein bølgegengenerator som arbeider i hivmodusen. Kroppen er plan og vertikal på venstre sida. På høgre sida er han avgrensa av flata $x = be_1(kz)$ der b er så liten at det i samsvar med lineær teori kan seiast at denne flata går opp og ned ved $x \approx 0$. D.v.s. b er liten av same orden som bølglengdsvinget $\eta \ll \lambda$



Me viser nedanfor at funksjonen $e_1(kz)$ skal vera

$$e_1(kz) = \frac{\sinh(kz+kh)}{\cosh(kh)} \quad (D63)$$

$$\operatorname{tg} \alpha = b \frac{de_1(kz)}{dz} \quad (D64)$$

Då b er liten av 1. orden, kan me setja $\alpha \approx be_1'(kz)$


$$\begin{aligned} \frac{\partial \hat{\phi}}{\partial n} &= \hat{v}_n = \hat{u}_3 n_3 = \hat{u}_3 \cos(n, z) = \\ &= -\hat{u}_3 \sin \alpha = -\hat{u}_3 \alpha \end{aligned} \quad (D65)$$

På S :

$$\hat{v}_x = \hat{v}_n \cos \alpha \approx \hat{v}_n = \hat{u}_3 n_3 = -\hat{u}_3 \alpha \quad (D66)$$

På $x = 0$:

$$v_x \Big|_{x=0} \approx -u_3 \alpha \approx -u_3 b \frac{de_1}{dz} \quad (D67)$$



Skal få dette til å passa med løysing der

$$v_x \propto e(kz)e^{-ikx} \quad (D68)$$

For å få dette til må me velja t.d.

$$e_1(kz) = \frac{\sinh(kz+kh)}{\cosh(kh)}$$

slik at

$$\frac{de_1}{dz} = ke(kz) = k \frac{\cosh(kz+kh)}{\cosh(kh)}$$

$$v_x \Big|_{x=0} \approx -\hat{u}_3 b k e(kz)$$

Altså må $v_x = -\hat{u}_3 b k e(kz) e^{-ikx}$

I formlane framanfor må me då byta ut \hat{u}_1 med $-\hat{u}_3 b k$.


Den utstrålte effekten blir

$$\iint \frac{1}{2} \hat{p} \hat{v}^* d_1 S = \frac{d}{2} |b k \hat{u}_3|^2 \frac{\omega \rho}{k} \int_{-h}^0 e^2(kz) dz \quad (D69)$$

$$Z_{33} = \frac{\omega \rho b^2 d}{2} f(kh) \quad (D70)$$

Merk at denne er reell. Den adderte massen m_{33} er null.

Bølgjegererering med ei svingande vertikal plate.



Ei vertikal plate, som er sett i tvungne horisontale svingerørsler, genererer ei bølge som forplantar seg ut frå planet $x = 0$. Som ei generalisering av (D47) går me ut frå at den horisontale farten har ein kompleks amplitude

$$\hat{u}_x = \hat{u}(z) = \hat{u}_1 c(z) \quad (D71)$$

For ei stiv plate i rein jagemodus er funksjonen $c(z) \equiv 1$. Set me $c(z) = e(kz)$ får me spesialtilfellet som er undersøkt i det førre avsnittet. Er plata bøyeleg og det er ordna slik at fasen til svingerørsla varierer med djupna $-z$, blir funksjonen c kompleks. Me har difor ført inn funksjonen $c(z)$ for å få meir generelle resultat enn om me berre set $\hat{u}_x = \hat{u}_1$.

Med å bruka separasjonsmetoden på Laplacelikninga finn me at

$$\hat{\phi} = \sum_{n=0}^{\infty} X_n(x) Z_n(z) \quad (D72)$$

der $X_n(x)$ oppfyller (B54)

$$X_n'' = -\lambda_n X_n \quad (D73)$$

og $Z_n(z)$ oppfyller (B35)

$$Z_n'' = \lambda_n Z_n \quad (D74)$$

Det kan visast at alle λ_n er reelle, at med

$$\lambda_0 > \lambda_1 > \lambda_2 > \dots \quad (D75)$$

er berre $\lambda_0 > 0$, medan $\lambda_n < 0$ for $n > 0$. Jfr. oppgåve B4. Me skriv då

$$\lambda_0 = k^2 \quad \text{og} \quad \lambda_n = -m_n^2 \quad \text{for} \quad n > 0 \quad (D76)$$

Med

$$X_0(x) = A_0 e^{-ikx} \quad \text{og} \quad (D77)$$

$$X_n(x) = A_n e^{-m_n x} \quad \text{for } n > 0 \quad (\text{D78})$$

er strålingsvilkåret for $x \rightarrow \infty$ oppfylt. Her er alle A_n førebels ukjende konstantar.

Med løysinga

$$Z_0(z) = \frac{2 \cosh(kz+kh)}{\sqrt{(1/k)\sinh(2kh)+2h}} = \sqrt{\frac{2k}{f(kh)}} e(kz) \quad (\text{D79})$$

$$Z_n(z) = \frac{2 \cos(m_n z + m_n h)}{\sqrt{(1/m_n)\sin(2m_n h)+2h}} \quad (\text{D80})$$

er grensevilkåra ved sjøbotnen $z = -h$ og ved den frie overflata $z = 0$ oppfylte dersom k er ei løysing av dispersjonslikninga (B44)

$$\omega^2 = gk \tanh(kh) \quad (\text{D81})$$

og m_n ei løysing av

$$\omega^2 = -gm_n \tan(m_n h) \quad (\text{D82})$$

Vidare kan det visast at funksjonssettet $\{Z_n(z)\}$ er normalisert og ortogonalt. Jfr. oppg. B4. D.v.s. for $n, l = 0, 1, 2, 3, \dots$ gjeld

$$\int_{-h}^0 Z_l^*(z) Z_n(z) dz = \delta_{nl} = \begin{cases} 1 & \text{for } l = n \\ 0 & \text{for } l \neq n \end{cases} \quad (\text{D83})$$

Med innsetjing av (D77) og (D78) i (D72) får me fart-potensialet

$$\hat{\phi} = \sum_{n=0}^{\infty} X_n(x) Z_n(z) = A_0 e^{-ikx} Z_0(z) + \sum_{n=1}^{\infty} A_n e^{-m_n x} Z_n(z) \quad (\text{D84})$$

For å bestemma dei ukjende konstantane A_n , bruker me grensevilkåret ved $x = 0$

$$\hat{u} = \hat{u}(z) = \left. \frac{\partial \hat{\phi}}{\partial x} \right|_{x=0} = \sum_{n=0}^{\infty} X_n'(0) Z_n(z) \quad (\text{D85})$$

Me multipliserer med $Z_1^*(z)$, integrerer frå $z = -h$ til $z = 0$ og bruker ortogonalitetsvilkåret (D83). Det gjev

$$\int_{-h}^0 \hat{u}(z) Z_1^*(z) dz = \sum_{n=0}^{\infty} X_n'(0) \int_{-h}^0 Z_1^*(z) Z_n(z) dz = X_1'(0)$$

D.v.s.

$$X_n'(0) = \int_{-h}^0 \hat{u}(z) Z_n^*(z) dz$$

Etter (D77) og (D78) har me

$$X_0'(0) = -ikA_0 \quad X_n'(0) = -m_n A_n \quad \text{for } n > 0 \quad (\text{D88})$$

Med bruk av (D71) får me

$$A_n = a_n \hat{u}_1 \quad (\text{D89})$$

der

$$a_0 = \frac{-1}{ik} \int_{-h}^0 c(z) Z_0^*(z) dz \quad (\text{D90})$$

$$a_n = \frac{-1}{m_n} \int_{-h}^0 c(z) Z_n^*(z) dz \quad \text{for } n > 0 \quad (\text{D91})$$

Altså

$$\hat{\phi} = \varphi_1 \hat{u}_1 \quad (\text{D92})$$

der

$$\varphi_1 = a_0 Z_0(z) e^{-ikx} + \sum_{n=1}^{\infty} a_n Z_n(z) e^{-m_n x} \quad (\text{D93})$$

Fyrste leddet står for fjernfeltet og det siste leddet for nærfeltet.

Strålingsimpedansen blir etter (D41)

$$Z_{11} = -i\omega\mu d \int_{-h}^0 \left[\varphi_1 \frac{\partial \varphi_1^*}{\partial x} \right]_{x=0} dx \quad (\text{D94})$$

der d er breidda av bølgegeneratoren og renna. Strålings-

impedansen i forhold til breidda blir

$$\begin{aligned} Z'_{11} &= Z_{11}/d = -i\omega\rho \int_{-h}^0 \{a_0 Z_0(z) + \sum_{n=1}^{\infty} a_n Z_n(z)\} c^*(z) dz \\ &= -i\omega\rho \{a_0 i k a_0^* + \sum_{n=1}^{\infty} a_n (-m_n) a_n^*\} \end{aligned}$$

der me har brukt (D91) og (D92).

Altså

$$Z'_{11} = Z_{11}/d = \omega k \rho |a_0|^2 + i\omega\rho \sum_{n=1}^{\infty} m_n |a_n|^2 \quad (\text{D96})$$

Strålingsresistansen blir

$$R_{11} = \text{Re}(Z_{11}) = \omega k \rho |a_0|^2 d \quad (\text{D97})$$

Den adderte massen blir

$$m_{11} = \frac{1}{\omega} \text{Im}(Z_{11}) = \rho \sum_{n=1}^{\infty} m_n |a_n|^2 \quad (\text{D98})$$

Då alle m_n er positive ser me at alle tilskot til strålingsreaktansen er positive. Me ser at strålingsresistansen er knytt til "fjernfeltet" (leddet med $a_0 e^{-ikx}$) medan strålingsreaktansen og dermed den adderte massen er knytt til "nærfeltet" (ledda med $a_n e^{-m_n x}$).

Før me diskuterer effekttransporten reknar me ut integralet

$$\begin{aligned} K(x) &= \int_{-h}^0 \frac{1}{2} \hat{p} \hat{v}_x^* dz = -\frac{1}{2} i\omega\rho \int_{-h}^0 \hat{\phi} \frac{\partial \hat{\phi}^*}{\partial x} dz \quad (\text{D99}) \\ &= -\frac{1}{2} i\omega\rho \sum_{n=0}^{\infty} \sum_{l=0}^{\infty} X_n(x) X_l^*(x) \int_{-h}^0 Z_n Z_l^* dz \\ &= -\frac{1}{2} i\omega\rho \sum_{n=0}^{\infty} X_n(x) X_n^*(x) \end{aligned}$$

der me har brukt (D84) og (D83). Med bruk av (D88) og (D99) får me

$$K(x) = \left(\frac{1}{2} \omega k \rho |a_0|^2 + \frac{1}{2} i \omega \rho \sum_{n=1}^{\infty} m_n |a_n|^2 e^{-2m_n x} \right) |\hat{u}_1|^2 \quad (D100)$$

Me ser at p.g.a. ortogonalitetsvilkåret (D83) får me i produktet ikkje noko kryssledd frå ulike modi.

Effekttransporten pr. lengdeining av bølgefrenten er

$$K = \text{Re}\{K(x)\} = \frac{1}{2} \omega k \rho |a_0|^2 |\hat{u}_1|^2 \quad (D101)$$

Me ser at det dessutan er ein reaktiv effekt $\text{Im}\{K(x)\}$ som eksisterer berre i nærfeltet. Den aktive effekttransporten K i ei plan bølge i ei ideell (tapstri) væske er sjølvstgt uavhengig av x . Me ser også at den utstrålte effekten - i samsvar med (A53) er

$$\frac{1}{2} R_{11} |\hat{u}_1|^2 = P_r = Kd = \text{Re}\{K(x)\}d = K(\infty)d \quad (D102)$$

Tilsvarande kan strålingsimpedansen Z_{11} uttrykkjast ved

$$\frac{1}{2} Z_{11} |\hat{u}_1|^2 = K(0)d \quad (D103)$$

i samsvar med (D42).

Spesialtilfelle:

$$c(z) = e(kz) \quad (D104)$$

(Dette har me undersøkt direkte før).

Av (D90) og (D79) får me at

$$a_0 = \frac{-1}{ik} \sqrt{\frac{f(kh)}{2k}}$$

og av (D83) at $a_n = 0$ for $n > 0$. Av (D98) får me då


$$m_{11} = 0 \quad (D106)$$

i samsvar med tidlegare resultat. Av (D97) får me

$$R_{11} = \omega k \rho \frac{f(kh)}{2k^3} d = \frac{\omega \rho f(kh) d}{2k^2} \quad (D107)$$

i samsvar med (D61).

Dersom me derimot vel $c(z) = \cos(m_1 z + m_1 h)$ får me berre ein svinmodus og inga progressiv bølge. Me har altså lært oss korleis me kan plaska i vatnet slik at det berre blir plask og inga bølge! Dette er noko som kan vera nyttig dersom ein svingande kropp i sjøen ikkje skal generera uynskte bølger. Jfr. R. Meir, The development of the oscillating water column, pp. 35 - 42, Proc. Wave Energy Conference, Heathrow Hotel, London, 22 - 23 Nov. 1978.



Greens setning.

For to vilkårlege funksjonar φ_i og φ_j som begge oppfyller Helmholtz-likninga

$$\nabla^2 \varphi + \beta^2 \varphi = 0 \quad (\text{D108})$$

i eit visst volum, gjeld Greens setning

$$\oint \left(\varphi_i \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} - \varphi_j \frac{\partial \varphi_i}{\partial n} \right) dS = 0 \quad (\text{D109})$$

der integrasjonen går over den lukka flata som avgrensar rommet. Spesielt gjeld Greens setning om φ_i og φ_j oppfyller Laplace-likninga, d.v.s. om $\beta = 0$.


[Dette resultatet følgjer av Greens setning

$$\iiint_{V'} \nabla \cdot \vec{A} = - \oint A_n dS$$

med

$$\vec{A} = \varphi_i \nabla \varphi_j - \varphi_j \nabla \varphi_i$$

$$\nabla \cdot \vec{A} = \nabla \varphi_i \nabla \varphi_j + \varphi_i \nabla^2 \varphi_j - \nabla \varphi_j \nabla \varphi_i - \varphi_j \nabla^2 \varphi_i$$




$$\begin{aligned}
 &= \varphi_i \nabla^2 \varphi_j - \varphi_j \nabla^2 \varphi_i \\
 &= \varphi_i (-\beta^2 \varphi_j) - \varphi_j (-\beta^2 \varphi_i) = 0
 \end{aligned}$$

og

$$A_n = \varphi_i \nabla_n \varphi_j - \varphi_j \nabla_n \varphi_i = \varphi_i \frac{\partial \varphi_j}{\partial n} - \varphi_j \frac{\partial \varphi_i}{\partial n}]$$

